Kommuneplanen sin arealdel
Bømlo kommune

Bømlo kommune

Plandokument: 23.10.2026

Overordna konsekvensutgreiing og ROS-analyse

---

nordplan.

Innhald

1 Innleiing 3
2 Arealendringar i planen 4
2.1 Planvask 4
2.2 Handsaming av innspel til planarbeidet 4
3 Oversikt arealendringar 6
3.1 Behov for arealendringar 7
3.2 Akvakultur 8
3.3 Bustad 9
3.4 LNF-spreidd føremål 18
3.5 Fritidsbustad 19
3.6 Fritids- og turistføremål 20
3.7 Næringsføremål 21
3.8 Næring, kystfiske 22
3.9 Naustføremål og småbåtanlegg 23
3.10 Kombinerte bygge- og anleggsføremål 24
3.11 Andre føremål 24
3.12 Planvask av reguleringsplanar 25
4 Samla vurdering per utgreiingstema 27
4.1 Usikkerheit og feilkjelder 27
4.2 Naturmangfald 27
4.3 Friluftsliv 32
4.4 Landskap 33
4.5 Kulturminne/Kulturmiljø 34
4.6 Naturressursar 36
4.7 Strandsone 42
4.8 Nærmiljø og stadutvikling – senterstruktur 45
4.9 Barn og unge sine interesser 47
4.10 Klima og energi 48
4.11 Næringsliv og sysselsetting 49
5 Risiko og sårbarheit 50
5.1 Heilskapleg risiko- og sårbaranalyse 2026 (HROS) 50
5.2 Viljestyrte hendingar 51
5.3 Vurdering av arealendringar 51
5.4 Avbøtande tiltak 59

1 Innleiing

For kommuneplanar som gjev retningsliner eller rammer for framtidig utbygging, skal det gjerast ei særskilt vurdering og skildring av planen sine verknader for miljø og samfunn.

Planprogrammet til kommuneplanen for Bømlo peikar på at konsekvensutgreiinga (KU) skal utgjera eit samla dokument, og følgja som ein eigen del av planforslaget. Det står vidare at konsekvensutgreiinga skal avklarast mot andre mynde som har særskilt interesse etter plan- og bygningslova sitt system, og at for nokre tema vil lokalkunnskap og fagleg skjønn vera ein viktig del av konsekvensutgreiinga. Konsekvensutgreiinga skal omfatta dei delane av planen som fastset rammer for framtidig utbygging, og som samstundes inneber endringar av gjeldande plan. Det skal også gjerast ei vurdering av verknadane av dei samla arealbruksendringane i planen.

Denne rapporten omfattar overordna konsekvensutgreiing og ROS-analyse for arealendringane som er gjennomført i samband med utarbeiding av ny kommuneplan (KPA) for Bømlo kommune. Målsetjinga er å laga ei oversikt som avdekkjer verknad for miljø og samfunn, samt risiko og sårbarheit som følgjer av arealendringa, og identifisere avbøtande tiltak som reduserer eller eliminerer uakseptabel risiko. Arealendringane som er gjennomført er samanfatta og skildra i dette dokumentet. Det er gjort vurderingar for kvart arealføremål (kapitel 3). I tillegg vert konsekvensane av arealendringane vurdert per fag-/utgreiingstema (naturmangfald, friluftsliv etc.), sjå kapitel 4. Overordna ROS-analyse er gjennomført i kapitel 5.

Bakgrunnsdokument for denne overordna konsekvensutgreiinga er:

- Planvask av gjeldande kommuneplan, KPA-føremål (Bømlo kommune og Nordplan Stord AS)
- Planvask av reguleringsplanar (Bømlo kommune)
- Konsekvensutgreiing og ROS-analyse for dei spesifikke arealendringane (Bømlo kommune og ABO Plan & Arkitektur Stord AS/Nordplan Stord AS).
- Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av arealendringar etter 1. gongs høyring av planframlegget (Bømlo kommune og Nordplan Stord AS)
- KU-light arealendringar (Bømlo kommune)
- Overordna KU for akvakultur og sjøområda (Nordplan Stord AS)
- Politisk saksframlegg om strandsona 2021-2022, Bømlo kommune
- Notat byggjegrense (Bømlo kommune)
- Arealrekneskap kommuneplan 2026 (Nordplan Stord AS)

2 Arealendringar i planen

2.1 Planvask

Etter førstegongs høyring av planframlegget er det gjennomført eit omfattande arbeid med planvask av alle arealføremål i KPA 2013, og alle gjeldande reguleringsplanar i kommunen. Planvask inneber oppdatering og revisjon av arealplanar ved å vurdere og ev. endre kva eit område skal nyttast til eller korleis det kan byggjast i området. Føremålet med dette er å sikre at plangrunnlaget er oppdatert med omsyn til dagens kunnskap, lovverk og politikk.

Kommunane står fritt til å endre eller oppheve arealføremål i KPA eller reguleringsplanar utan å verta erstatningspliktige. Kommunane kan ta opp til vurdering arealbruken i godkjente reguleringsplanar så lenge det ikkje er gitt løyve til å bygge/ igangsette tiltak i planområdet (så lenge løyvet er gyldig dvs. igangsett seinast 3 år etter løyvet er gitt). Det same gjeld utbyggingsføremål som ligg i kommuneplanen sin arealdel som er bygd eller ubygd.

I dette arbeidet er det nødvendig å vurdere alle utbyggingsareal konkret med omsyn til kjent kunnskap og føringar. Det er ikkje nødvendigvis slik at alle areal som er i konflikt med kjente registreringar eller føringar skal endrast, men det skal gjerast ei vurdering og grunngjeving dersom areal som er i konflikt vert vidareført. Ein fordel med å gjennomføre analysane er at kommuneplanen sin arealdel då vil regulere arealbruk som i større grad er reell og realistisk. På den måten vil det seinare kunne verta ein lettare prosess i byggesak eller sak med reguleringsplan. Dette er ein fordel for både kommunal handsaming, og for grunneigar som har ein forventning om å kunne bygge på areal som er gitt utbyggingsføremål.

Det er svært ressurskrevjande å gjennomføre ein detaljert planvask av alle utbyggingsføremåla i KPA. Det er difor gjort ei strategisk vurdering og arbeidet er gjort ut frå eit sett med prinsipp. Prinsippa er laga for å lettare gjera vurderingar og prioriteringar, samt sikre mest mogleg lik handsaming av kvart enkelt areal. Bakgrunnen for prinsippa er mål, arealoppfølgingar og strategiar i KPS 2025. For meir detaljar kring prinsipp og metode for gjennomført planvask, sjå prinsippnotat for planvask-metode. For resultat av gjennomført planvask, sjå vedlegga planvask KPA og planvask reguleringsplanar.

Planvasken er gjennomført ved at kvart einskild utbyggingsføremål/reguleringsplan er vurdert med omsyn til relevante fagtema. Basert på dette er det gjennomført ei fagleg tilråding for om føremålet/reguleringsplanen skal vidareførast eller endrast heilt eller delvis. Dei faglege tilrådingane er deretter gjennomgått av politisk arbeidsgruppe og vedtekne av Formannskapet. Politisk er det gjort nokre endringar/justeringar, og det er dette resultatet som ligg i plankartet til høyring. Planvask-dokumenta viser kva endringar som er gjort for dei einskilde føremåla/reguleringsplanane, og det er vist kva eventuelle politiske endringar som er gjennomført.

2.2 Handsaming av innspel til planarbeidet

I forkant av kommuneplanprosessen, og i samband med oppstartsvarsel er det motteke om lag 350 arealinnspel innan dei fleste føremål. Planprogrammet skisserer prosessen og arbeidet med arealinnspela til planen. Det er presisert at sorterings- og silingsarbeidet skal vera transparent og handsama politisk.

Prinsippet for sorterings- og silingsprosessen har vore todelt;

1. Først ei grovsiling, der det er vurdert kva innspel som skal vidare til konsekvensutgreiing. Grovsilinga er gjort på grunnlag av kriteriesett vist til i planprogrammet. Av dei om lag 350 innkomne innspela vart om lag 225 innspel sila ut i denne fasen, og om lag 125 innspel gjekk vidare til neste fase med konsekvensutgreiing. Grovsilinga vart politisk handsama i april 2022, av utval for areal og samferdsel.
2. Neste fase var konsekvensutgreiing av dei om lag 125 innspela. Innspela som er konsekvens-utgreia er sortert og slått saman der det er naturleg. Ein del av innspela er tilrådd positivt med

ei justering av arealføremålet eller type føremål. Etter denne fasen er det endeleg klart kva for arealendringar som vert teke med i framlegg til ny arealdel.

I samband med 1.gangsoffentleg ettersyn av planframlegget kom det inn mange arealinnspel. Desse innspela omfatta både justeringar av allereie innsendte innspel, og heilt nye område. Det er utarbeidd nokre nye konsekvensutgreiingar av enkeltareal, som er samla i eit eige dokument, sjå vedlegget konsekvensutgreiing etter førstegongs høyring. Nokre konsekvensutgreiingar er også gjennomført i etterkant av gjennomført planvask, då ein har sett behov for arealendringar i samband med denne gjennomgangen, både for føremål i KPA og for føremål i reguleringsplanar som skal opphevast. Konsekvensutgreiingane som følgde planframlegget til førstegongs handsaming er ikkje endra.

3 Oversikt arealendringar

I tabellen under er det vist arealbruk i kommuneplan 2013 og i kommuneplan 2026.

Tala som viser samla arealføremål KPA 2013 og KPA 2026 i tabellen kan ikkje direkte samanliknast. Ein stor endring frå KPA 2013 til KPA 2026 er forholdet til reguleringsplanar. I KPA 2013 var alle gjeldande reguleringsplanar omfatta av omsynssone H910 og hadde ingen arealføremål under omsynssona. I ny kommuneplan er det lagt arealføremål under alle reguleringsplanane. Det betyr at i kommuneplan 2013 er ikkje reguleringsplanane inkludert i arealrekneskapet, mens desse områda er inkludert i ny kommuneplan. Denne endringa gir eit vesentleg utslag på arealrekneskapet, men har liten praktisk betydning. Det er på grunn av dette i hovudsak fokusert på ny kommuneplan vidare i dokumentet, og i arealrekneskapet. For meir detaljar, sjå dokumentet Arealrekneskap.

SOSI	Føremål	Kommuneplan 2013, ca. dekar	KPA høyring 2026, ca. dekar
1110	Bustad	7279	9298
1120	Fritid	1835	1571
1130	Sentrum	0	101
1150	Forretning	144	18
1160	Teneste	260	796
1170	Fritid/turisme	144	303
1200	Råstoff	943	123
1300	Næring	875	1861
1300	Næring – kystfiske*	0	40
1400	Idrett	89	617
1500	Naust & småbåtanlegg	967	929
1500	Kystfiske*	9	0
1500	Deponi	0	27
1500	anna	516	206
1600	Uteopphaldsareal	0	127
1700	Grav/urnelund	21	94
1800	Kombinert bygg/anlegg	107	200
2001	Samferdsel	0	1822
2010	Veg	1	160
2040	Hamn	507	729
2060	Kollektivnett	0	3
2080	Parkering	0	42
2101	Teknisk infrastruktur	0	16
2800	Kombinert samferdsel	0	602
3001 (3002)	Grønstruktur/ blågrønstruktur	1199	715
3020	Naturområde	74	
3040	Friområde	2223	2434
5100	LNF	199505	211298
5200	LNF-spreidd generelt	470	89
5210	LNF-spreidd bustad	6473	2890
5220	LNF-spreidd fritid	0	7
5230	LNF-spreidd næring	1	2

6001	Bruk og vern sjø	281241	282856
6100	Ferdsel	3531	3542
6120	Opplag	0	79
6220	Hamneområde i sjø	0	9
6230	Småbåthamn	150	196
6300	Fiske	54466	33679
6400	Akvakultur	6476	6726
6500	Drikkevatn	3293	3293
6600	Naturområde	2473	6566
6700	Friluftsområde	6896	6769
6800	Kombinert sjøføremål	39741	60998
SUM AREALFØREMÅL		**621912**	**641797**

Arealføremåla kan ikkje direkte kan samanliknast, då arealføremål knytt til godkjente reguleringsplanar er inkludert i tala for 2026, og ikkje for 2013.
* Endra i ny plan til næringsføremål, kystfiske.

Tabellen under syner status for reguleringsplanar i KPA 2013 og i KPA 2026, uavhengig av utbyggingsstatus.

		KPA 2013, daa	**KPA 2026, daa**
H910	Reguleringsplan	13 409	0
Gjeld saman med kommuneplanen / vidareførte			8232
Delvis oppheva/overstyrt			1 486
Oppheva reguleringsplanar			8 048

Det er totalt om lag 26 000 daa som er omfatta av utbyggingsføremål på land i KPA 2026. I KPA 2013 var dette talet om lag 24 000 daa, men dette talet inkluderer ikkje reguleringsplanar. Dersom alle reguleringsplanar vert rekna med i tala for KPA 2013 var det om lag 37 000 daa som var omfatta av utbyggingsføremål. Dette talet har også ei vesentleg feilkjelde, i og med at reguleringsplanar ikkje berre inneheld utbyggingsføremål. Det viser likevel at vesentleg mindre landareal er omfatta av utbyggingsføremål i KPA 2026 enn i KPA 2013, på grunn av eit omfattande arbeid med planvask av KPA-føremål og av reguleringsplanar, sjå kapittel 2.1.

3.1 Behov for arealendringar

I konsekvensutgreiingane for enkeltareal er det gjort ei vurdering av behovet for den aktuelle areal-endringa. Endringar frå LNF-føremål til utbyggingsføremål vil i varierande grad ha negative konsekvensar for t.d. naturmangfald, friluftsliv, landskap, klima. Det må såleis vera gode argument for at det er behov for dei aktuelle endringane. Behovsvurderingane er gjort og vekta noko ulikt for dei ulike arealføremåla.

Når det gjeld bustad har det vore ein svært stor bustadreserve i kommunen. Etter førstegongs høyring av kommuneplanen er det gjennomført eit omfattande planvask-arbeid, der alle føremål i gjeldande KPA er gjennomgått og vurdert med omsyn til om areala skal vidareførast eller bør endrast til LNF. Vurderinga er gjort både i forhold til om areala er i konflikt med ulike registreringar, men det er også gjort ei vurdering av plassering av areala (særleg for bustadføremål) og arealreserve i delområde. Det er framleis etter planvask ein stor arealreserve for bustad i kommunen, og det har såleis ikkje vore høve til å leggja inn mykje nytt bustadareal.

Når det gjeld fritidsbustader har det også vore stor arealreserve i kommuneplan 2013, inkludert reguleringsplanar. Planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel presiserer at tidlegare regulerte område, allereie detaljregulerte område, samt område avsett til fritidsbustadføremål i gjeldande kommuneplan skal vidareførast. Det er likevel gjennomført planvask av fritidsbustadføremåla i kommunen, på same måte som for andre føremål. På bakgrunn av ein relativt stor arealreserve for fritidsbustad er det ikkje lagt inn nye, større område for fritidsbustad, men nokre justeringar eller tilpassingar til utbygd situasjon.

Når det gjeld innspel om næring og fritid/turisme peikar planprogrammet på at næringsaktivitet må ha prioritet, og ha tilgang på tilstrekkeleg areal. Planprogrammet stadfestar at kommunen ønskjer å leggje til rette for utviding av eksisterande industriområde, og å opna for næringsareal som ligg til sjø der det kan opparbeidast djupvasskaiar. Det står vidare at arealdelen må vera fleksibel i høve til næringsutvikling, og at det er ynskjeleg med næringsutvikling til sjø. Planprogrammet peikar også på at det skal leggjast til rette for utvikling av næringsverksemd i form av turisme og reiseliv. På bakgrunn av desse signala er det lagt inn nokre nye areal til næringsverksemd og fritid/turisme i planframlegget, sjølv om dei dels er i konflikt med ulike registreringar. Dei fleste områda ligg i tilknyting til eller er ei utviding av eksisterande næringsområde/verksemder. For desse føremåla er det også gjennomført planvask, slik at område som av ulike grunnar ikkje er vurdert som realistiske å byggje ut, er endra til LNF eller redusert i omfang.

Når det gjeld naustområde peikar planprogrammet på at innspel om nye naustområde og utviding av eksisterande naustområde skal vurderast, og at felles småbåtanlegg/ -hamner i tilknyting til eksisterande busetnad skal prioriterast. Det er lagt inn ein del område med naustføremål i planframlegget, men i hovudsak i område som allereie er heilt eller dels utbygd. I konsekvensutgreiinga for naustføremål til førstegongs høyring av planframlegget er det også gjort ei enkel behovsvurdering om det er ledige areal/tomter i nærliggande naustområde. Desse vurderingane vart gjort før det vart gjennomført planvask av naustføremåla, og ein del av desse behovsvurderingane stemmer dermed ikkje, sidan ein del naustføremål er fjerna i samband med planvask. Planvask for naustføremål er gjennomført med prinsippet om at det skal gjennomførast detaljerte vurderingar for utbyggingsføremål som ligg i strandsona. Det er vidare nytta prinsipp om at inngrepsfri strandsone vert tilbakeført til LNF, dette gjeld også for ytterkantar av føremål.

Småbåtanlegg som ligg i tilknyting til føremål på land er i stor grad vidareført i planvask, og positivt tilrådd i konsekvensutgreiingar, dersom dei ikkje er i vesentleg konflikt med registreringar i området.

Planprogrammet peikar på at dagens reglar for forvaltning av naustområde har blitt til ulempe for profesjonelle fiskarar, og at gjeldande føresegner til naust og plankrav ikkje er tilpassa naust til kystfiske, då dei blir for små og for dyre. Det har difor vore ønskeleg å få til ei eigen handsaming av naust til profesjonelt fiske, og skilje desse frå naust til fritidsbruk. Det er fleire innspel på endringar frå område vist med arealføremål naust til kystfiske. Desse innspela er gitt arealføremålet næring, kystfiske.

I dei følgjande kapitla er nokre utvalde føremål gjennomgått noko meir i detalj, med omsyn til planvask av eksisterande plan, konsekvensutgreiing av nye areal og ei oversikt over endringar i areal i planframlegget.

3.2 Akvakultur

Overordna KU for akvakultur og sjøområda er handsama i eige dokument. Her følgjer ei oppsummering for tema akvakultur:

3.2.1 Planvask akvakultur

Det er gjennomført ein enkel planvask av akvakulturføremåla i gjeldande plan basert på arealkonflikt med ei liste av fagtema (sjå prinsippnotat planvask for detaljar). I tillegg er det gjennomført justeringar

for ein del eksisterande AK-føremål som det kom motsegn til i samband med høyringa av planframlegget.

3.2.2 Konsekvensutgreiing akvakultur

Det er ikkje lagt inn heilt nye akvakulturføremål i planframlegget, men fleire eksisterande føremål er justert/utvida på bakgrunn av innspel til planarbeidet. Dette er i stor grad justeringar av føremål for tilpassing til godkjent anleggsplassering. For ein del av akvakulturområda som er utvida er deler av føremålet erstatta med areal som ikkje opnar for akvakulturverksemd (bruk og vern av sjø og vassdrag). Dette er gjort i område og for areal der det ikkje er aktuelt å utvide eksisterande anlegg. Det er også teke ut nokre akvakulturområde i planframlegget på bakgrunn av innspel og planvask.

3.2.3 Areal til akvakultur

Totalt sett er det i gjeldande kommuneplan 88 areal avsett til akvakultur. To av desse areala ligg på land, og eitt ligg dels i sjø og dels på land. Det totale arealet avsett til akvakultur i gjeldande plan er 6476 daa. Planframlegget har ei auke i areal til akvakulturføremål på om lag 250 daa. Dette tilsvarar ein auke på om lag 4 prosent i areal avsett til akvakultur. Det er ikkje lagt inn nye AK-område i planframlegget, og talet på føremål er redusert frå 88 til 60, gjennom planvask og konsekvensutgreiingar.

3.3 Bustad

Bømlo kommune har ein svært stor bustadreserve i gjeldande plan, og rapporten *Bustadoversyn Bømlo kommune* (2021) peikar på at det er ikkje behov for nye, større bustadfelt i kommunen. Rapporten viser til at det er sett av ca. 20,5 kvadratkilometer til bustadbygging i kommunen, fordelt på 366 ulike område. Det står vidare at innanfor desse områda var det per 2021 bygd ca. 4.800 bustadar, og at det kan byggjast ytterlegare nesten 2.800 bustadar innanfor areal sett av til bustadbygging. Rapporten viser vidare til at det er stor teoretisk kapasitet i alle skulekrinsane i kommunen.

I samband med revisjon av arealdelen er det gjennomført planvask av alle bustadføremål og av alle reguleringsplanar i kommunen. Alle areal (KPA og reguleringsplanar) har vore vurdert med omsyn til om areala skal vidareførast, reduserast eller endrast til LNF. Sjå eige notat med metodikk for planvask, og eigne rapportar som viser resultata for bustadføremål og for reguleringsplanar. Det er også lagt inn nokre nye bustadføremål, og nokre område for LNF spreidd bustad i kommuneplan 2013 er endra til bustadføremål. På bakgrunn av alle desse endringane er ikkje lenger rapporten frå 2021 relevant å samanlikne med.

I tabellen under er det vist bustadreserve fordelt på skulekrinsar i ny KPA. Areal som allereie er bygd, og som er registrert som grå areal (datasett frå Miljødirektoratet), er ikkje inkludert i denne oversikta. Dette er eit grovt estimat, som inkluderer både restareal som ikkje er reelt byggjeland, og for nokre område som er regulerte kan det liggja andre føremål, som vegar, leikeplassar i reguleringsplanen, slik at reelt byggjeland er lågare enn estimatet. Det er gjort ei viss opprydding i datasettet ved at areal mindre enn 100 m^2 er tatt ut.

Tabellen under viser også utbyggingspotensiale i ny KPA. Her er det tatt utgangspunkt i tre ulike utbyggingspotensial, 0,5 bustadar per dekar, 1 bustad per dekar og 1,5 bustadar per dekar. Dette talet vil gir såleis ein indikasjon på bustadreserve fordelt på skulekrinsane. LNF spreidd-føremål kjem i tillegg til bustadføremåla.

Skulekrins	Totalt dekar ledig bustadareal i ny KPA	Utbyggings-potensiale (0,5 bustad per dekar)	Utbyggings-potensiale (1 bustad per dekar)	Utbyggings-potensiale (1,5 bustad per dekar)
Espevær	26	13	26	39
Folderøy	260	130	260	390

Gilje	195	98	195	293
Hillestveit	204	102	204	306
Meling	339	170	339	509
Moster	706	353	706	1059
Rubbestadneset	409	205	409	614
Svortland	353	177	353	530
Våge	126	63	126	189
Totalt	**2618**	**1309**	**2618**	**3929**

I Bømlo kommune budde det i gjennomsnitt 2,3 personar per hushald i 2025. I samsvar med trenden i heile landet er dette talet stadig minkande, sjølv om det er høgare på Bømlo enn landsgjennomsnittet. Talet på åleinebuande og par utan heimebuande born er jamt aukande i kommunen, i 2025 bestod 34 % av privathushalda av åleinebuande, og 27 % av par utan heimebuande born. Likevel er talet på hushald som bur i einebustad relativt stabilt, og i 2024 budde 81 % av hushalda i kommunen i einebustad.

I 2026 er det registrert totalt 5315 bustadbygg i Bømlo kommune (kjelde SSB). Dei siste fem åra har det vore ein jamn auke i registrerte bustadbygg i kommunen, med om lag 50 nye bygg i året (kjelde SSB). Med same utbyggingshastigheit framover vil det vera ein arealreserve på bustad i kommunen som varer i nesten 80 år. I tillegg kjem areal til LNF spreidd bustadføremål.

3.3.1 Planvask bustadføremål

Det er gjennomført planvask av alle eksisterande bustadføremål i KPA 2013, både med omsyn til arealkonfliktar, og lokalisering og realisme i høve til utbygging. Ein del føremål er endra til LNF, ein del er vidareført uendra, og ein del føremål er justert i utstrekning. Som følgje av planvask er ein del føremål splitta opp i fleire, på grunn av arealkonfliktar. For detaljar kring enkeltareal, sjå rapporten planvask av bustadføremål.

Resultatet frå planvask for bustadføremål er oppsummert i tabellen under (tal viser tal på føremål).

Vidareført	Ferdig utbygd og vidareført	Reduserte/endra føremål	Endra til LNF
Ca 40 føremål	Ca 50 føremål	Ca 110 føremål	Ca 15 føremål

3.3.2 Konsekvensutgreiing bustadføremål

Det er lagt inn nokre nye bustadføremål i ny kommuneplan. Alle nye areal er vurdert i konsekvensutgreiing; sjå KU-rapportane.

Innspel på bustadområde som er positivt tilrådd i konsekvensutgreiinga kjem innunder følgjande kategoriar:

- Allereie utbygde eller dels utbygde område i LNF, som vert endra til bustadføremål, slik at arealføremål er i tråd med bygd situasjon.
- Utviding eller nye område som ligg svært gunstig plassert i høve til etablerte senter, eksisterande infrastruktur, og nærleik til skule.
- Endring av LNF spreidd område til bustadføremål der områda er tett utbygd/frådelte tomtar, og ber preg av bustadfelt heller enn spreidd utbygging.
- Endring frå andre utbyggingsføremål til bustad, der arealet ligg gunstig plassert for bustadføremål, eller allereie er bygd ut med bustader.

3.3.3 Areal til bustadføremål

I planframlegget ligg det om lag 9300 daa bustadføremål, fordelt på i underkant av 500 areal. Dette inkluderer ferdig utbygde, dels utbygde og ubygde føremål. Areal som er omfatta av reguleringsplanar

er også inkludert, då det i planframlegget er lagt føremål under reguleringsplanane i KPA. I kommuneplan 2013 var det i overkant av 7000 daa bustadføremål, men tala kan ikkje samanliknast, då dette talet ikkje inkluderer areal innanfor reguleringsplanar.

3.3.4 Bustadreserve fordelt på delområde

I det følgjande vert det gjort ein enkel presentasjon av ledig bustadføremål fordelt på delområde i kommunen. Denne analysen inkluderer bustadføremål, men areal registrert som grå areal (datasett frå miljødirektoratet) er fjerna. Grå areal er definert som område som allereie er tatt i bruk eller er sterkt påverka av menneskeleg byggje- og anleggsaktivitet. Desse areala vert ikkje rekna som ein bustadreserve.

I forslag til ny kommuneplan er det totalt om lag 9 300 daa bustadføremål (inkl. reguleringsplanar), der av er om lag 3 700 daa ubygde areal. Av areala som er ubygd er om lag 2 600 daa definert å ha noverande status (vidareførte areal frå førre KPA) og om lag 1070 daa definert til å ha framtidig status (nye areal sett i forhold til førre KPA. Dette inkluderer arealføremål i reguleringsplanar som i førre plan var synt som kvite areal utan arealføremål).

Tala som er presentert er datamodellerte tal der det m.a. er feilkjelder knytt til ikkje reelle restareal og smale striper. Dette gir feilkjelder i talmaterialet som det er ut frå ressursbruk og nytteverdi er valt å ikkje rydde i, utover å fjerne areal som er under 100 m^2.

Modellert tilgjengeleg bustadføremål fordelt på delområde (basert på grenser i grunnkrinsar SSB) gir følgjande tilgjengeleg bustadføremål:

Delområde	Noverande status, daa	Framtidig status, daa	Totalt, dekar
Brandasund	68	0	**69**
Bremnes	664	329	**993**
Finnås	126	119	**245**
Moster	756	311	**1067**
Rubbestad-neset	773	128	**901**
Søre Bømlo	230	190	**419**



Brandasund

Delområdet ligg ikkje nært sentrumsområde i kommunen. Det er spreidd busetnad i området, men det er ikkje eit delområde som bør prioriterast for mykje ny bustadbygging, grunna transportbehov til sentrumsområde og -funksjonar.

Bustadføremåla ligg spreidd innanfor delområdet. Nokre bustadføremål i 2013 er endra til LNF i planframlegget, nokre er endra til LNF spreidd bustad, og nokre av føremåla er redusert på grunn av

arealkonfliktar. På bakgrunn av dette er arealreserven for bustadføremål redusert i delområdet i planframlegget samanlikna med kommuneplan 2013, men det er framleis høve til fortetting innanfor dels utbygde føremål. Det er i tillegg ledig areal innanfor LNF-spreidd bustad-føremål.



Figur 1 Bustadføremål (gul farge) i planframlegget i delområde Brandasund. Grå farge er areal registrert som grå areal.

Bremnes

Det er mange bustadføremål innanfor delområdet, særleg kring Svortland sentrum. Mykje av dette er detaljregulert, og mykje er også dels eller ferdig utbygd. Ein del bustadføremål i kommuneplan 2013 er endra til LNF på grunn av arealkonfliktar, sjå dokumentet planvask bustadføremål for detaljar. Det er også lagt inn nokre område på bakgrunn av innspel og konsekvensutgreiing, sjå dokument konsekvensutgreiing delområde Svortland og Meling, samt dokument konsekvensutgreiing etter 1. gongs høyring av planframlegget for detaljar.

Av større bustadføremål med arealreserve ligg det inne følgjande område i planframlegget i delområde Bremnes:

- Busthorn, ikkje regulert
- Leite – aust, utviding av område, dels regulert
- Svortland sør/Svortland sentrum, dels regulert
- Stavelandskleivane, regulert
- Søvoll, ikkje regulert
- Øklandsvågen, dels regulert
- Nedranese, ikkje regulert
- Vestsio, regulert

I tillegg til desse områda er det høve til fortetting innanfor mindre bustadføremål og LNF spreidd-område.



Figur 2 Bustadføremål (gul farge) i planframlegget i delområde Bremnes. Grå farge er areal registrert som grå areal.

Finnås

Det er ligg nokre større område med arealreserve innanfor delområdet, og deler av denne arealreserven er allereie detaljregulert. Ein del bustadføremål i kommuneplan 2013 er endra til LNF på grunn av arealkonfliktar, sjå dokument planvask bustadføremål for detaljar. Det er også lagt inn nokre mindre område på bakgrunn av innspel og konsekvensutgreiing, sjå dokument konsekvensutgreiing delområde Finnås og Gilje, samt dokument konsekvensutgreiing etter 1. gongs høyring av planframlegget for detaljar.

Av større bustadføremål med arealreserve ligg det inne følgjande område i planframlegget i delområde Finnås:

- Gilje, sør for skulen, ubygd, uregulert
- Fylkesnes, utviding av reg. plan Meland søre, ubygd, uregulert
- Ledig areal i uregulerte bustadføremål på Alvsvåg
- Ledig areal innanfor uregulert bustadføremål på Fylkesnes
- Regulert areal innanfor reguleringsplan bustadområde Sethaugen.



Figur 3 Bustadføremål (gul farge) i planframlegget i delområde Finnås. Grå farge er areal registrert som grå areal.

Moster

Moster er det delområdet med størst ledig reserve, med totalt over 1000 daa ledig bustadareal. Det er gjennomført ein del endringar i området samanlikna med kommuneplan 2013. Ein del bustadareal er endra til LNF på grunn av arealkonfliktar, sjå dokument planvask bustadføremål for detaljar. Det er også lagt inn område på bakgrunn av innspel og konsekvensutgreiing, sjå dokument konsekvensutgreiing delområde Moster, samt dokument konsekvensutgreiing etter 1. gongs høyring av planframlegget for detaljar.

Av større bustadføremål med arealreserve ligg det inne følgjande område i planframlegget i delområde Moster:

- Uregulert areal i Siggjarvågen
- Uregulerte område på nordsida av Røyksundkanalen
- Ledig areal i uregulert område på Eikeland
- Ledig areal i uregulert område på Naustbakken
- Ledig areal innanfor reguleringsplan Bustadfelt Espeland – Grindheim
- Ledig areal innanfor tidlegare regulerte område i Grønåsvågen, og i uregulert tilgrensande område
- Ledig areal innanfor tidlegare regulert areal ved Grindheimsvegen, og tilgrensande uregulert areal.
- Ledig areal innanfor uregulert føremål på Totland
- Uregulert areal sør for Serklau industriområde
- Ledig areal innanfor tidlegare regulert område ved Mosterhamn



Figur 4 Bustadføremål (gul farge) i planframlegget i delområde Moster. Grå farge er areal registrert som grå areal.

Rubbestadneset

Delområdet strekker seg heilt opp til Rolfsnes, og kartet over delområdet er delt i to, sjå under.

På Rolfsnes er det ein del ledig bustadareal, der ein del ligg innanfor reguleringsplan R-97 Rolfsnes elles er det uregulerte areal. Av større bustadføremål ved Rubbestadneset ligg det ein betydeleg arealreserve i området kring Stongarvågen som er uregulert, og ein del ledig areal kring Innvær, i hovudsak uregulert. På Folderøy er det ein del bustadreserve innanfor tidlegare regulert bustadområde (R-9, Del av Folderøy), og i ytterkantane av dette planområdet. Ein del bustadareal frå kommuneplan 2013 er endra til LNF også i dette delområdet (sjå dokumentet planvask bustadføremål), mens andre areal er lagt inn på bakgrunn

av innspel og konsekvensutgreiing, sjå dokument konsekvensutgreiing delområde Rubbestadneset og Foldrøy, samt dokument konsekvensutgreiing etter 1. gongs høyring av planframlegget for detaljar.



Figur 5 Bustadføremål (gul farge) i planframlegget i delområde Rubbestadneset. Grå farge er areal registrert som grå areal. Øvste kart viser Rolvsnes-området og nedste kart viser Rubbestadneset og Foldrøy-området.

Søre Bømlo, inkl. Espevær

Bustadføremåla i området er i all hovudsak lokalisert kring Langevåg og på Espevær. I Langevåg er ein del bustadareal endra til LNF på grunn av konflikt med dyrka mark. Ved Kallavåg er deler av eit LNF-spreidd område endra til bustadføremål. Området er dels utbygd. Av større bustadføremål med arealreserve er følgjande område i Langevåg:

- Vorlandsvågen, detaljregulert, ikkje utbygd

- Larsfjellet, ikkje detaljregulert, ikkje utbygd
- Eidesfjell, detaljregulert, dels utbygd
- Hovland, høve til fortetting innanfor tidlegare detaljregulerte område

I tillegg til desse områda er det høve til fortetting innanfor mindre bustadføremål og LNF spreidd-område.

På Espevær er areal til bustadføremål redusert i planframlegget samanlikna med kommuneplan 2013. Ein del av bustadføremåla frå kommuneplan 2013 er endra til LNF, i hovudsak på grunn av konflikt med registrert naturmangfald og strandsoneverdiar. Det er ikkje ønskjeleg å etablere nye bustadfelt på Espevær, og dette legg heller ikkje planframlegget opp til. Det er likevel noko høve til fortetting innanfor det bustadarealet som er vidareført frå kommuneplan 2013. Bustadføremålet på Dørøy i kommuneplan 2013 er dels endra til LNF, dels endra til LNF spreidd bustad. Her vil det såleis også vera høve til etablering av nokre einingar.



Figur 6 Bustadføremål (gul farge) i planframlegget i områda Langevåg og Espevær. Grå farge er areal registrert som grå areal.

3.3.5 Oppsummering bustad

Det er gjort ein omfattande planvask av alle føremål i kommuneplan 2013, inkludert bustadføremål. Fleire bustadføremål er redusert eller endra til LNF, mellom anna på bakgrunn av arealkonfliktar eller på grunn av ugunstig plassering.

Endringane i planframlegget samanlikna med kommuneplan 2013 inneber likevel ein netto auke i areal for bustadføremål. Dette er i all hovudsak på grunn av at alle reguleringsplanar er vist med føremål i planframlegget, mens dei er vist med kvit flate i KPA 2013. Planframlegget inneber ein reell reduksjon i areal avsett til bustadføremål, og det arealet som ligg igjen som bustadareal er også meir reelt byggjeareal, i og med at mykje areal i konflikt med til dømes jordbruksareal, myrområde, naturmangfald og strandsone er endra til LNF i samband med planvask av KPA-føremål og reguleringsplanar. Enkle analysar viser likevel at det er rikeleg med tilgjengeleg bustadareal i kommunen, både innanfor regulerte

og uregulerte område, sjølv om arealreserven er redusert samanlikna med kommuneplan 2013. Det er ledig bustadareal i alle delområde, og innanfor alle skulekrinsane i kommunen.

I denne rulleringa av kommuneplanen er arbeidet med å vurdere eksisterande bustadområde starta. I tida framover bør det også vera fokus på forhold til bustadtopologi og korleis ein i arealplanlegginga kan legge til rette for framtida med m.a. fleire eldre, einslege, samt arealutnytting sett i lys av klima- og naturkrisa. Komande rulleringar bør løfte fram denne tematikken i enno større grad, slik at den framtidige bustadutviklinga i kommunen er berekraftig i miljø-, sosiale- og økonomiske perspektiv.

Det er i liten grad tatt inn nye, større bustadareal i planframlegget. Det som er lagt inn av nye område er i stor grad område som allereie er heilt eller dels utbygd, eller som ligg i tilknyting til eksisterande bustadareal. Nye bustadareal er søkt lokalisert i tråd med ønska senterstruktur i kommunen. Det inneber også at ein del ubygde og uregulerte bustadføremål som ligg mindre sentralt i høve til senterstrukturen er endra til LNF-føremål.

3.4 LNF-spreidd føremål

3.4.1 Planvask LNF-spreidd

Alle LNF spreidd-føremål i kommunen har vore vurdert i samband med planvask og såleis vurdert med omsyn til om areala skal vidareførast, reduserast eller endrast til LNF. Det er totalt om lag 90 areal avsett til LNF spreidd bustadføremål i KPA 2013, og av desse vart 5 areal vurdert til å vera ferdig utbygd, og dermed vidareført utan nærmare vurderingar. Sjå eige notat med metodikk for planvask. Dei aller fleste LNF-spreidd føremåla vart redusert i samband med planvask, mens nokre få vart vidareført, og nokre få vart endra til LNF. Som følgje av planvask er ein del føremål splitta opp i fleire, på grunn av arealkonfliktar Særleg for LNF-spreidd føremåla var det stor grad av konflikt med dyrka mark. Nokre LNF-spreidd føremål, som framstår som relativt tett utbygd, vart heilt eller dels endra til bustadføremål.

3.4.2 Konsekvensutgreiing LNF-spreidd

Det er lagt inn nokre nye areal som LNF-spreidd bustad, -fritid -næring. I tillegg er det gjort mindre justeringar i eksisterande LNF-spreidd område der desse er utvida for å inkludere utbygde tomtar. Det er i all hovudsak LNF-spreidd bustadområde som er lagt inn i planframlegget, og for mange av områda er føremålsendringane gjort for å tilpasse planen til bygd situasjon. Det er også gjennomført nokre endringar frå LNF-spreidd føremål til bustadføremål, og frå bustadføremål til LNF-spreidd føremål. Dette er gjort i område som allereie er bygd, for å få ei best mogleg tilpassing til faktisk bygd situasjon.

3.4.3 Areal til LNF-spreidd

I kommuneplan frå 2013 er det 81 areal avsett til LNF-spreidd bustad, og samla areal er om lag 6500 daa. I planframlegget er det om lag 2900 daa avsett til LNF spreidd bustadføremål, fordelt på 191 areal. Planframlegget har altså vesentleg mindre tilgjengeleg areal til LNF-spreidd føremål, men føremålet er fordelt på vesentleg fleire areal. Grunnen til dette er at ein god del LNF-spreidd føremål i KPA 2013 er splitta opp i planframlegget, og auke i tal areal er ikkje nye areal. LNF-spreidd føremåla er vurdert strengare enn dei andre føremåla med omsyn til konflikt med dyrka mark, automatisk freda kulturminne og naturfare i form av aktsemdområde.

KPA 2013, areal i daa	KPA 2013, tal på areal	KPA 2026, areal i daa	KPA 2026, tal på areal
6500	81	2900	191

Når det gjeld LNF-spreidd næring er det lagt inn eitt nytt areal, på grunnlag av arealinnspel. Det er lagt inn fire nye areal til LNF-spreidd fritid. Desse ligg på Hjartnes, og omfattar område som allereie er utbygd med fritidsbustader.

3.4.4 Plangrep LNF spreidd-føremål

Administrasjonen si erfaring frå planperioden frå 2013 er at det ikkje er vesentleg utbyggingspress innanfor føremåla for LNF-spreidd bustad, men at areala gir eit planmessig grunnlag for dei som ønskjer å t.d. flytte heim eller flytte meir landleg.

I kommuneplan 2013 var det sett konkrete kvotar per LNF-spreidd areal, og føresegnene stadfesta at det i planperioden kunne byggjast det talet på bueiningar som plankartet opnar for. I planframlegget er det gjort vesentlege endringar i korleis LNF-spreidd områda vert handsama. Føresegnene gir at det kan tillatast deling/bygging av totalt 10 bustader/fritidsbustader/næringstiltak per år. Det står vidare at det berre kan tillatast deling av eller bygging på to eigedommar til LNF-spreidd funksjonar frå same driftseining eller eigedom så lenge kommuneplanen gjer seg gjeldande. For LNF spreidd bustad er det presisert at det berre kan etablerast ein bueining per eigedom. Føresegnene har i tillegg fleire presiseringar som til dømes styrer at tiltak ikkje skal koma i konflikt med natur- og landbruksareal, og skal heller ikkje føre til vesentleg ulempe for landbruket.

LNF-spreidd føremåla vert i planframlegget ikkje lenger forvalta per einskild areal, men felles for alle områda. Arealreserven knytt til LNF-spreidd vil på bakgrunn av dette vera ti einingar per år i planperioden, og ikkje vera knytt opp til avsett areal til føremålet i kommuneplanen.

3.4.5 Oppsummering LNF-spreidd

I kommuneplanen sin samfunnsdel er det lagt føringar for å satse på bustadbygging i sentrale strøk, men utan at det skal setje til side høve for etableringar utanfor tettstadene. Endringane i planframlegget gir ein vesentleg reduksjon i areal avsett til LNF-spreidd bustad. LNF-spreidd føremåla frå KPA 2013 har i stor grad vore i konflikt med jordbruksareal, noko som er naturleg i og med at mange av dei ligg i tilknyting til etablerte gardsbruk. Mykje av areala som no er endra til LNF er areal som ikkje er realistisk byggjeland, då det til dømes er i konflikt med dyrka mark. Nye tiltak i LNF spreidd områda vil vera avgrensa av føresegna som gir at det kan tillatast deling/bygging av totalt 10 bustader/fritidsbustader/næringstiltak per år, og ikkje av tilgjengeleg areal.

3.5 Fritidsbustad

Det er om lag 1030 registrerte fritidsbustadar i Bømlo kommune. I følgje SSB ligg dei aller fleste utanfor hyttefelt (område med mindre enn 5 hytter). Norsk institutt for naturforskning (NINA) har gjennomført ei kartlegging av tomtereservar for fritidsbustad i Noreg i 2022, på oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet. I følgje denne rapporten har Bømlo kommune ein samla tomtereserve for fritidsbustader på 1232 daa i kommuneplan og reguleringsplanar. På bakgrunn av mellom anna dette er det vurdert at det ikkje er behov for nye område til fritidsbustad i kommunen.

3.5.1 Planvask fritidsbustad

Det er gjennomført planvask for alle utbyggingsføremål i kommuneplan 2013, inkludert for fritidsbustad. Prinsippa for planvask av fritidsbustadføremåla følgjer dei generelle planvask-prinsippa, men i tillegg er det presisert at føremål for fritidsbustad skal endrast til LNF, dersom arealet går til sjø (den nære strandsona) og opnar for utbygging i område utan tiltak/inngrep. Dette med bakgrunn av føringar i KPS 2025 om at bygging av fritidsbustader skal skje i felt, bort frå den nære strandsona (ned til kystkonturen), med eventuelle fellesanlegg til sjø, og at utbygging i strandsona skal skje med ålmenta sine interesser som gjennomgåande krav. Dette er og i samsvar med statleg planretningsline for strandsoneforvaltning, regionale planar og retningslinjer.

For fritidsbustader i strandsona gjeld også prinsippet om at det skal gjennomførast detaljerte vurderingar for utbyggingsføremål som ligg i strandsona (100-metersbeltet til sjø). Vurderingane vil følgje hovudprinsippet om at inngrepsfrie areal (naturområde) som ligg i ytterkant av utbyggingsføremål vert endra frå utbyggingsføremål til LNF. Utbyggingsføremål som ligg innimellom bygd situasjon, og areal som er grå opparbeidde areal (område med tiltak/inngrep) kan vidareførast.

I tabellen under er resultata frå planvask av fritidsbustad-føremål oppsummert med omsyn til tal på føremål. Om lag halvparten av føremåla frå kommuneplan 2013 er redusert som følgje av planvasken, mens 13 føremål er endra til LNF. Som følgje av planvask er ein del føremål splitta opp i fleire, på grunn av arealkonfliktar. Desse 13 areala som er endra til LNF utgjer om lag 200 daa.

Vidareført	Ferdig utbygd og vidareført	Reduserte/endra føremål	Endra til LNF
43	26	86	13

3.5.2 Konsekvensutgreiing fritidsbustad

Det er gjennomført ein del konsekvensutgreiingar på fritidsbustad. Det er i liten grad lagt inn nye, ubygde område for fritidsbustad i ny plan. Nye areal ligg i hovudsak i tilknyting til eksisterande bygde fritidsbustadføremål.

3.5.3 Areal til fritidsbustad

Samla er det ein reduksjon i areal avsett til fritidsbustad i den nye kommuneplanen, sjå tabell under. Tabellen viser areal i daa i KPA 2013, totalt areal i KPA 2026, og areal i KPA 2026 der grå areal er tatt ut. Grå areal er eit datasett frå miljødirektoratet, og grå areal er definert som område som allereie er tatt i bruk eller er sterkt påverka av menneskeleg byggje- og anleggsaktivitet. Desse areala vert såleis ikkje rekna som ein arealreserve.

Tala kan ikkje direkte samanliknast, då arealføremål knytt til godkjente reguleringsplanar er inkludert i tala for 2026, og ikkje for 2013. Den reelle reduksjonen i areal frå KPA 2013 til KPA 2026 er såleis vesentleg større enn det som kjem frå i tabellen under.

	KPA 2013, areal i daa	KPA 2026, areal i daa	KPA 2026, areal i daa utanom grå areal
Fritidsbustad	1835	1571	895

3.5.4 Oppsummering fritidsbustad

På bakgrunn av ein omfattande planvask, og at det i liten grad er lagt inn nye føremål til fritidsbusetnad er det samla sett ein vesentleg reduksjon i areal avsett til fritidsbustadføremål. Sjølv om arealet avsett til fritidsbustadføremål er vesentleg redusert samanlikna med kommuneplan 2013 er det framleis om lag 900 daa arealreserve knytt til fritidsbustadføremål i kommuneplan og reguleringsplanar.

3.6 Fritids- og turistføremål

3.6.1 Planvask fritids- og turistføremål

Det er gjennomført planvask for alle utbyggingsføremål i kommuneplan 2013, inkludert for fritids- og turistføremål. Prinsippa for planvask av desse føremåla følgjer dei generelle planvask-prinsippa.

I tabellen under er resultata frå planvask av fritids- og turistføremål oppsummert med omsyn til tal på føremål. Om lag halvparten av føremåla frå kommuneplan 2013 er redusert som følgje av planvasken.

Vidareført	Ferdig utbygd og vidareført	Reduserte/endra føremål	Endra til LNF eller andre føremål
3	3	9	5

3.6.2 Konsekvensutgreiing fritids- og turistføremål

Det er gjennomført nokre konsekvensutgreiingar av innspel om fritids- og turistføremål i ny plan. Om lag halvparten av desse har fått negativ tilråding i hovudsak pga. arealkonflikt. Dei tilrådde områda ligg

i hovudsak i område som allereie er relativt godt tilrettelagt med infrastruktur og vegsamband. Areala er teke inn m.a. med grunnlag i at fritids- og turistføremål kan vera positivt med omsyn til næringsliv og sysselsetting for det aktuelle området og for kommunen.

3.6.3 Areal til fritids- og turistføremål

Samla er det ein auke i areal avsett til fritids- og turistføremål i den nye kommuneplanen, sjå tabell under. Tala kan ikkje direkte kan samanliknast, då arealføremål knytt til godkjente reguleringsplanar er inkludert i tala for 2026, og ikkje for 2013.

	KPA 2013, areal i daa	KPA 2026, areal i daa
Fritids- og turistføremål	144	303

Totalt ligg det inne 40 areal til fritids- og turistføremål i planframlegget. Dei fleste areala er mindre i areal, men 6 areal er over 10 daa (sjå tabell under). Det er lagt inn over 200 daa nytt areal til fritids- og turistføremål i planframlegget.

Område med areal over 10 daa	Areal	Status
Saltkjelen, Rubbestadneset	13 daa	Vidareført frå KPA 2013
Vorland, Langevåg	28 daa	Nytt areal i KPA 2026
Lykling, Finnås	31 daa	Nytt areal i KPA 2026
Kulleseidkanalen, Finnås	16 daa	I hovudsak del av reguleringsplan frå 2013
Mosterhamn	11 daa	Del av reguleringsplan frå 1993
Håvik	147 daa	Nytt areal i KPA 2026

3.6.4 Oppsummering fritid- og turistføremål

Det er gjennomført ein omfattande planvask, der fleire føremål er redusert eller endra til LNF, samstundes er det lagt inn nokre nye føremål til fritid- og turistføremål. Totalt sett er det i KPA 2026 om lag 300 daa avsett til føremålet i kommuneplan og reguleringsplanar.

3.7 Næringsføremål

3.7.1 Planvask næringsføremål

Alle næringsføremål i kommuneplan 2013 har vore vurdert med omsyn til om areala skal vidareførast, reduserast eller endrast til LNF. Det er totalt 45 areal avsett til næringsføremål i kommuneplan 2013, og av desse vart 21 areal vurdert til å vera ferdig utbygd, og dermed vidareført utan nærmare vurderingar. Fire areal er endra til LNF-føremål, dette utgjer om lag 140 daa. Sjå eige notat med metodikk for planvask og dokument planvask næringsføremål for detaljar. Som følgje av planvask er ein del føremål splitta opp i fleire, på grunn av arealkonfliktar. Resultatet frå planvask for næringsføremål er oppsummert i tabellen under (tal på føremål).

Vidareført	Ferdig utbygd og vidareført	Reduserte føremål	Endra til LNF
5 areal	21 areal	14 areal	4 areal

3.7.2 Konsekvensutgreiing næringsføremål

Det er lagt inn nokre nye areal med næringsføremål. Desse ligg i stor grad i tilknyting til eksisterande næringsområde, eller er område som allereie er i bruk til næring, slik at nytt arealføremål er i tråd med eksisterande bruk av området.

Av større utvidingar av næringsområde som er tilrådd, heilt eller delvis, og lagt inn i planen er utviding av Eidesvik settefisk i Langevåg , utviding av Skålevik settefiskanlegg på Goddo, og utviding av Bremnes

Seashore sitt anlegg i Øklandsvågen. I desse områda er samfunns-nytten (næringsliv og sysselsetting) vurdert til å vera høg, og områda er tilrådd positivt sjølv om dei er i konflikt med registreringar i området. Handtering av arealkonfliktar må såleis gjerast i samband med reguleringsplan. Sjå konsekvensutgreiingsdokument for fleire detaljar.

3.7.3 Areal til næringsføremål

Samla er det om lag ein dobling i areal avsett til næringsføremål i den nye kommuneplanen, sjå tabell under. Tala kan ikkje direkte kan samanliknast, då arealføremål knytt til godkjente reguleringsplanar er inkludert i tala for 2026, og ikkje for 2013. Dei fleste av dei større næringsområda er omfatta av reguleringsplan, og er såleis ikkje rekna med i talet frå 2013. Sjå også tabellen under som viser at dei 11 største næringsføremåla anten er vidareført frå KPA 2013, eller er indirekte vidareført i form av at dei har vore del av reguleringsplan, som ikkje er talt med i talet for 2013.

Tabellen viser areal i daa i KPA 2013, totalt areal i KPA 2026, og areal i KPA 2026 der grå areal er tatt ut.

	KPA 2013, areal i daa	KPA 2026, areal i daa	KPA 2026, areal i daa utanom grå areal
Næringsføremål	875	1861	994

Totalt ligg det inne om lag 110 næringsføremål i planframlegget. Av desse er 24 registrert som kystfiske (ca. 22,4 daa). Desse areala er vidare omtalt i kapittel 0 under. Av næringsføremåla er det 11 areal som er over 50 daa, og desse utgjer til saman om lag 1200 daa, sjå tabellen under.

Område	Areal	Status
Busthorn	127 daa	Vidareført frå KPA 2013, ubygd
Stongarvågen	56 daa	Vidareført frå KPA 2013, ubygd
Hovlandshagen, Langevåg	230 daa	Del av reguleringsplan, dels utbygd
Hovlandshagen, Langevåg	57 daa	Del av reguleringsplan, dels utbygd
Hollundsdalen	63 daa	Del av reguleringsplan, utbygd
Hollundsdalen	57 daa	Del av reguleringsplan, dels utbygd
Hollundsdalen	123 daa	Del av reguleringsplan, dels utbygd
Stongarvågen	115 daa	Del av reguleringsplan, dels utbygd
Serklau	163 daa	Del av reguleringsplan, dels utbygd
Rubbestadneset	193 daa	Del av reguleringsplan, dels utbygd
Øklandsvågen	54 daa	Del av reguleringsplan, dels utbygd

3.7.4 Oppsummering næring

Ein del næringsføremål er redusert eller endra til LNF gjennom planvasken, samstundes som det er lagt inn ein del utvidingar av eksisterande næringsområde. Det er i planframlegget ein arealreserve på om lag 1000 daa næringsareal.

3.8 Næring, kystfiske

Det er lagt inn 24 areal til næring, kystfiske i planen. Desse utgjer om lag 22,4 dekar totalt. I hovudsak er endringane frå LNF eller bruk og vern av sjø og vassdrag, samt mindre endringar frå naust eller bustad til næring, kystfiske.

Innspela knytt til dette arealføremålet er i all hovudsak teke inn i planframlegget, dersom dei ikkje er i vesentleg konflikt med registrerte interesser eller verdiar. Innspela er i stor grad område som allereie er i bruk til føremålet i dag, og konsekvensane av ei arealbruksendring er såleis avgrensa.

I tidlegare versjonar av kommuneplanen har desse områda vore sett av til naust – kystfiske. Det er no vurdert som meir hensiktsmessig å nytte næringsføremål på desse områda, for på den måten å skilje dei tydeleg frå vanlege naustområde, som har andre krav til utbygging. Eksisterande areal sett av til naust – kystfiske er endra til næring – kystfiske i planframlegget.

Områda avsett til næring - kystfiske har eigne føresegner, som mellom anna sikrar at det kan byggast større bygg enn det som er tillate i naustområde. Retningslinjene presiserer at føremålet er for kystfiskarar som har behov for lokal base for å utøva den daglege drifta av næringa si.

3.8.1 Areal til næring – kystfiske

Areala avsett til næring, kystfiske er relativt avgrensa i storleik. Samla er det sett av om lag 40 daa til føremålet, fordelt på dei 24 areala. I hovudsak er endringane små i areal, og i stor grad tilpassingar til eksisterande situasjon. Av desse 40 daa er om lag 29 rekna som arealreserve, dvs. areal som ikkje er rekna som grå areal.

3.9 Naustføremål og småbåtanlegg

3.9.1 Planvask naust og småbåtanlegg

Det er gjennomført planvask av alle eksisterande naust- og småbåtanleggføremål i KPA 2013. For dei fleste naustområda er det ikkje skild på naustføremålet og småbåtanleggføremålet, og småbåtanlegg i sjø er i stor grad endra slik at det er tilpassa føremålet på land. For småbåtanlegg som ligg i tilknyting til fritidsføremål er småbåtanlegg-føremålet tilpassa planvasken av fritidsbustadføremålet.

Prinsippnotatet for planvask peikar på at det skal gjennomførast detaljerte vurderingar for utbyggingsføremål som ligg i strandsona (100 metersbeltet til sjø). Vurderingane vil følgje hovudprinsippet om at inngrepsfrie areal (natur område) som ligg i ytterkant av utbyggingsføremål vert endra frå utbyggingsføremål til LNF. Utbyggingsføremål som ligg innimellom bygd situasjon, og areal som er grå opparbeida areal (område med tiltak/inngrep) skal vidareførast. Om desse areala kan byggjast på skal avklarast i reguleringsplan. På bakgrunn av dette er ubygde føremål i stor grad endra til LNF, og ytterkantar av føremål som er utan inngrep er også i stor grad endra til LNF.

I tabellen under er resultata frå planvask av naustføremåla vist. Om lag 25 areal er endra til LNF, som til saman utgjer om lag 53 daa. Dette er i hovudsak areal som er utan tiltak, og/eller som ikkje er tilknytt infrastruktur i form av vegtilkomst, eller som har vesentlege arealkonfliktar eller som ligg i område med utfordrande terrengtilhøve.

Vidareført	Reduserte føremål	Endra til LNF
Om lag 70	Om lag 150	Om lag 25

3.9.2 Konsekvensutgreiing naust og småbåtanlegg

Det er lagt inn nokre nye areal for naust og småbåtanlegg. Vurderingane av innspel på naust og småbåtanlegg er gjort i tråd med føringar i SPR for strandsona og strandsonerettleiaren for Vestland. Av nye naustføremål i planframlegget er det i hovudsak område der det er etablerte tiltak i dag, utviding av eksisterande naust- og småbåtanleggområde eller justeringar av eksisterande naustområde.

3.9.3 Areal til naustføremål og småbåtanlegg

Det er gjennomført ein grundig planvask av alle naust- og småbåtanleggføremål, og mykje areal utan tiltak er tilbakeført til LNF. Samstundes er det lagt inn nokre nye naustføremål i planframlegget, men i hovudsak er dette tilpassingar til eksisterande situasjon, og areal som ligg i tilknyting til eksisterande naustområde. Som tabellen under viser er areal avsett til naust-/småbåtanleggføremål noko redusert i planframlegget samanlikna med KPA 2013. Differansen er større enn det som er vist i tabellen, då naustområde og småtbåtanlegg i reguleringsplanar er vist i tala for 2026, men ikkje i tala for 2013. Om

lag 120 dekar naust-/småbåtanlegg føremål er detaljregulerte i vidareførte reguleringsplanar. Småbåtanleggføremålet er i stor grad knytt til fritidsbustad.

Talet på naustføremål er vesentleg auka i planframlegget samanlikna med kommuneplan 2013. Dette er i hovudsak på grunn av at mange føremål har blitt delt opp i samband med planvasken, då deler av eksisterande føremål er endra til LNF. Tabellen under viser areal i daa i KPA 2013, totalt areal i KPA 2026, og areal i KPA 2026 der grå areal er tatt ut. Grå areal er eit datasett frå miljødirektoratet, og grå areal er definert som område som allereie er tatt i bruk eller er sterkt påverka av menneskeleg byggje- og anleggsaktivitet. Desse areala vert såleis ikkje rekna som ein arealreserve.

	KPA 2013, areal i daa	KPA 2026, areal i daa	KPA 2026, areal i daa utanom grå areal
Totalt føremål naust/småbåtanlegg	**967**	**929**	**576**

3.9.4 Oppsummering naustføremål og småbåtanlegg

I samband med planvask av naustføremål er ein del av føremåla redusert, eller tilbakeført til LNF. Samstundes er det lagt inn nokre nye føremål i planframlegget, som i hovudsak er tilpassingar til eksisterande situasjon. Det er totalt sett mindre areal avsett til føremålet i planframlegget, enn i KPA 2013. Som arealreserve (dvs ubygd føremål, som ikkje er registrert som grå areal) er det om lag 440 daa naustføremål.

3.10 Kombinerte bygge- og anleggsføremål

3.10.1 Planvask kombinerte bygge- og anleggsføremål

Det er gjennomført planvask av eksisterande kombinerte føremål i KPA 2013. Fleire av areala er allereie ferdig utbygd, og er såleis vidareført uendra.

3.10.2 Konsekvensutgreiing kombinerte bygge- og anleggsføremål

Det er lagt inn nokre nye kombinerte bygge- og anleggsføremål på bakgrunn av konsekvensutgreidde areal i planen. Fleire av desse arealendringane er gjennomført for å tilpasse planen betre til faktisk situasjon.

3.10.3 Areal til kombinerte føremål

Samla er det om lag ein dobling i areal avsett til kombinerte føremål i planframlegget, sjå tabell under. Tala kan ikkje direkte kan samanliknast, då arealføremål knytt til godkjente reguleringsplanar er inkludert i tala for 2026, og ikkje for 2013.

	KPA 2013, areal i daa	KPA 2026, areal i daa
Kombinerte føremål (1800)	107	200

Samla er endringane knytt til kombinerte føremål i stor grad tilpassingar til eksisterande situasjon.

3.11 Andre føremål

Sentrumsføremål

Det er lagt inn 5 areal med til saman om lag 100 daa sentrumsføremål i planframlegget. Dette er eit føremål som ikkje var med i KPA 2013. Areala ligg i sentrum av Mosterhamn, Langevåg, Svortland, Finnås og Rubbestadneset.

Offentleg og privat tenesteyting

Arealet til offentleg og privat tenesteyting er auka i planframlegget samanlikna med KPA 2013, frå om lag 250 daa til om lag 800 daa. Dette heng mellom anna saman med at areal i sentrumsnære område er endra til dette føremålet, til dømes barnehage i Langevåg, Moster amfi og Tollhagen i Moster, samt areal i Svortland som var del av reguleringsplan i KPA 2013.

Fiskeføremål

I samband med førstegongs høyring av planframlegget kom det nokre innspel på låssettingsplassar frå fiskarlaget, og det er gjennomført ei enkel konsekvensutgreiing for desse areala. Dei areala som ikkje medfører direkte arealkonflikt er positivt tilrådd. Arealet til fiskeføremål er redusert i planframlegget samanlikna med KPA 2013, frå om lag 55 000 daa til om lag 34 000 daa. Ein av grunnane til fleire omdisponeringar er at fiskeområda er innlemma i kombinerte formål, som også sikrar andre aktuelle føremål i fiskeområda. Det er elles ikkje gjort justeringar i fiskeføremål i planframlegget. Ei kartfesting av låssettingsplassar som er i bruk vil vera positivt for utøving av fiske.

Småbåthamn

Det er gjennomført ein enkel planvask av småbåthamn-føremåla, der areal som er i direkte konflikt med registreringar er justert. Arealet avsett til føremålet er endra frå om lag 150 daa i KPA 2013 til om lag 200 daa i planframlegget. Dette er i hovudsak på grunn av at reguleringsplanar ikkje er inkludert i arealrekneskapet for KPA 2013.

3.12 Planvask av reguleringsplanar

Alle reguleringsplanar i kommunen er vurdert med omsyn til om planane bør opphevast, om dei skal gjelda saman med kommuneplanen, eller om dei skal gjelda vidare uendra. Nokre av reguleringsplanane som er vurdert i samband med planvask vart vedtatt på 1970-talet, og desse planane er ikkje lenger gode styringsverktøy for kommunen.

Vurdering av reguleringsplanar er gjennomført med omsyn til 1) Plankvalitet og 2) Arealkonflikt med nasjonale interesser. Bakgrunnen er å vurdere om reguleringsplanen er eit godt styringsgrunnlag og -verktøy for eksisterande og ny arealbruk i planområdet. I tillegg vil også areala verta vurdert i lys av samfunnsmessige forhold og politiske rammar gitt i KPS 2025. Dette omfattar ei vurdering av m.a. bustadbehov og fordeling av bustadreserve i kommunen, politiske innspel på prioriterte områder for bustad fortetting/bustadfelt, og samfunnsmessig kostnad som omhandlar kommunale tenester som helsetenester, beredskap, skule og skuleskyss, teknisk infrastruktur og trafikktryggleik.

I arbeidet med reguleringsplanane vert det vurdert om planen har eit digitalt plankart, om det er gjort mindre planendringar, og om det er registrert dispensasjonar frå planen. I tillegg, kvalitet på føresegnene og om det er sett byggegrense til sjø og veg. Desse forholda er knytt til kvalitet på reguleringsplanen. Samstundes vert det gjennomført ei vurdering av relevante fagtema som naturmangfald og myr, kulturminne, landbruk (jord-/skogbruk), landskap, friluftsliv, naturfarar og fiskeri. Desse forholda er vurdert med omsyn til arealkonflikt med nasjonale interesser. Samla er desse vurderingane viktige for å sikre eit oppdatert og heilskapleg plangrunnlag. For meir informasjon om metodikken knytt til planvask av reguleringsplanar, sjå prinsippnotat for planvask.

Tabellen under syner status for reguleringsplanar i KPA 2013 og i KPA 2026, uavhengig av utbyggingsstatus. I KPA 2013 var om lag 13 400 daa omfatta av reguleringsplanar. Over halvparten av dette arealet er føreslått oppheva i planframlegget.

		KPA 2013, daa	KPA 2026, daa
H910	**Reguleringsplan**	13 409	0
Gjeld saman med kommuneplanen/vidareført			8232
Delvis oppheva/overstyrt			1 486

Oppheva reguleringsplanar		8 048

Når ein reguleringsplan vert oppheva, vil kommuneplanen sin arealdel gjelde for området. Det vil bli gjort ei vurdering av om eksisterande arealføremål frå reguleringsplanen vert vidareført, justert eller endra frå utbyggingsføremål til LNF. I nokre tilfelle har det vore aktuelt å vurdere endring frå eitt utbyggingsføremål (i reguleringsplan) til eit anna (i KPA). I desse tilfella er det gjennomført konsekvensutgreiing eller forenkla konsekvensutgreiing for endringane.

For urealiserte reguleringsplanar vil ein planvask resultera i samfunnsgevinstar i form av at areal som er i konflikt med viktige fagtema, som naturressursar, naturmangfald eller strandsoneomsyn vert endra til LNF, og såleis tatt i vare. I tillegg vert det gjort ei vurdering av samfunnssikkerheit, og kor det er forsvarleg å byggja, til dømes med omsyn til risiko for skred eller flaum.

Når det gjeld reguleringsplanar som er heilt eller dels utbygd er det slik at eldre reguleringsplanar ofte har uklare eller ugyldige føresegner, som i stor grad opnar for skjønn. I tillegg kan eldre reguleringsplanar ha kart som ikkje stemmer med terrenget, og slike planar vil ikkje vera eit godt utgangspunkt for styring av arealbruk i utbygde område. Oppdatert plangrunnlag har ein positiv effekt for sakshandsaming i kommunen og gir innbyggjarane i kommunen ein meir føreseieleg grunnlag å søke om tiltak på.

4 Samla vurdering per utgreiingstema

4.1 Usikkerheit og feilkjelder

Tala som vert vist til i det følgjande vil i varierande grad vera usikre, og alle tal må på bakgrunn av dette reknast som omtrentlege, og som overordna. Avgrensingane av t.d. naturtypar, friluftslivområde og kulturmiljø har varierande detaljgrad. Det har ikkje vore høve til å kvalitetssjekka alle avgrensingar, og det vil såleis truleg vera område der arealkonflikten mellom fagtema og utbyggingsføremål er både større og mindre enn det som kjem fram i analysane. Resultata er utelukkande basert på GIS-analysar og tilgjengelege datasett, det er ikkje gjennomført feltarbeid for å sjekka om registreringane stemmer. For ein del tema kan det også vera data som er utdaterte. Det er mellom anna kjent at det er ein del feil i AR5-karta, både når det gjeld avgrensingar og registreringar.

Det er også viktig å påpeike at alle samanlikningar med kommuneplan 2013 blir unøyaktige, mellom anna på grunn av at alle reguleringsplanar i KPA 2013 var markert med ei kvit flate, og det er difor ikkje mogleg å differensiere kva som er utbyggingsføremål og kva som er grøntområde innanfor reguleringsplanane.

4.2 Naturmangfald

4.2.1 Status og verdiar i kommunen

Kunnskapsgrunnlag for konsekvensutgreiinga av enkeltareal er mellom anna registreringar av naturtypar, artsregistreringar, verneområde, viltområde og gytefelt. Det er gjennomført NiN-kartlegging av naturtypar i den sørlege delen av Bømlo dei seinare åra, og det er mellom anna registrert større område med kystlynghei. Dette er ein naturtype, med viktige verdiar både med omsyn til økosystemtenestar og artsmangfald, men også når det gjeld kulturhistorie, rekreasjon og opplevingsverdiar. Kystlyngheiområda er av varierande kvalitet og tilstand. Kystlynghei er ein utvald naturtype, og dette gjer at områda er registrert med relativt høg verdi, sjølv om kvaliteten og tilstanden ikkje er like høg overalt. Hole eiker er ein annan utvald naturtype, med ein del registreringar i kommunen.

Dei nordlege delane av kommunen er ikkje like grundig kartlagt med omsyn på naturtypar. Det er difor ein risiko for at det kan vera naturtypar i området som ein ikkje kjenner til, og som såleis ikkje er vurdert i konsekvensutgreiingane. Sjå dekningskart som viser kva område som har hatt NiN-kartlegging av naturtypar. Det er planlagt kartlagt eit større område på Bømlo i løpet av 2026. Resultata frå denne kartlegginga vil vera klar i løpet av første halvdel av 2027.

Det er eit aukande fokus på myrområde, og dei viktige funksjonane som desse har. Dette inkluderer mellom anna at myrområde er viktig levestad for både planter og dyr, og har i tillegg ein funksjon som karbonlager, og bidreg til å dempe flaum og reinse vatn.

Det er ei sterk kopling mellom naturmangfald (viltområde og naturtypar) og tema friluftsliv og kulturlandskap. Til dømes



Figur 7 Dekningskart, som viser kva område i kommunen som er omfatta av NiN – naturtype-kartlegging

vil omsynssoner for friluftsliv og kulturlandskap ofte også vere knytt til viktige og verdifulle naturområde.

4.2.2 Konsekvensar av planframlegget - Myr

Per juli 2026 er om lag 5.000 dekar areal klassifisert som myr i Bømlo kommune (kjelde Ar5 FKB). Myr er viktige område både med omsyn til naturmangfald og leveområde for artar, og på grunn av at dei er karbonrike areal. I konsekvensutgreiinga har det vore fokus på myrområde både med omsyn til fagtema naturmangfald, men også knytt til funksjonen myrområda har som karbonrike areal. Mange innkomne innspel er såleis negativt tilrådd dels grunna overlapp med myrområde, eller dei er justert til å leggast utanom myrområde.

I kommuneplan frå 2013 ligg det om lag 344 daa myr innanfor utbyggingsføremål og reguleringsplanar (H910). Dette utgjer om lag 7 % av registrert myr i kommunen. Mykje av dette ligg innanfor godkjente reguleringsplanar (om lag 161 daa).

I planvasken har myr-registreringar vore eit viktig tema, og fleire utbyggingsføremål er endra til LNF på grunn av overlapp med registrert myr. I planframlegget no er det 124 daa overlapp mellom registrerte myrområde og utbyggingsføremål. Dette utgjer 2,5 % av registrerte myrområde i kommunen, og er ein vesentleg reduksjon samanlikna med kommuneplan 2013.

4.2.3 Konsekvensar av planframlegget - Naturtypar på land

Det er i dag registrert naturtypar på om lag 50 000 daa landareal i kommunen. Tabellen under viser overlapp mellom alle føremål i planframlegget og naturtypar i Tala omfattar både naturtypar kartlagt etter DN-handbok 13 og etter NiN-metodikk. Ein del stader er desse kartleggingane overlappande. Dette er ei vesentleg feilkjelde knytt til tala i tabellen under

	Verdisetting KU (Miljødirektoratet) (dekar)				
Arealføremål	**Noko verdi**	**Middels verdi**	**Stor verdi**	**Svært stor verdi**	**Totalt**
Bustad	21	62	25	58	166
Fritidsbustad		14	51	17	82
Tenesteyting		1	1	1	3
Fritid og turisme				31	31
Næring	2	43	7	169	221
Idrett		2	194		196
Anna bygg og anlegg		15	4	16	35
Gravplass				4	4
Samferdsel	1	14	4	15	34
Veg				27	27
Teknisk infrastruktur		1			1
Kombinert føremål samferdsel		1	3	16	20
Blågrønstruktur	3	1	15		19
Friområde		9	70	3	82
LNF-område	2556	4136	9782	33073	49547
LNF-spreidd generell			2		2
LNF-spreidd bustad	3	1	4	12	20
Bruk og vern av sjø og vassdrag	6	19	13	28	66
Fiske			2	2	4
Akvakultur		1		6	7
Drikkevatn		1	2	1	4
Friluftslivsområde	13	11	8	58	90
Kombinert føremål i sjø			1		1
Totalt	**2 605**	**4 332**	**10 188**	**33 537**	**50662**

For å ta høgde for at naturtypar kartlagt etter DN-handbok 13 og etter NiN-metodikk overlappar i ein del område, er det gjennomført ein analyse som fokuserer på om det er registrert naturtype, uavhengig av verdisetting. Totalt sett er det i planframlegget 740 daa utbyggingsføremål som overlappar med registrerte naturtypar. Dette talet gjeld altså alle naturtypar, og er utan overlapp mellom NiN-naturtypar og handbok 13 naturtypar. Tabellen under viser overlapp med registreringar av naturtypar (NiN og handbok 13), fordelt på utbyggingsføremål.

Arealføremål	Totalt, daa	Totalt utan grå areal, daa
Bustad	166	146
Fritidsbustad	78	62
Tenesteyting	3	0
Fritid og turisme	31	31
Næring	153	150
Idrettsanlegg	196	195
Anna bygg og anlegg	34	30
Gravplass	4	0
Samferdsel	35	23
Teknisk infrastruktur	1	1
Kombinert føremål samferdsel	20	20
LNF-spreidd generell	2	0
LNF-spreidd bustad	17	13
Totalt	**740**	**671**

Det er føremåla bustad, næring og idrett som har størst grad av overlapp med registrerte naturtypar.

Når det gjeld næringsføremål er det næringsområdet ved Hovlandshagen, Langevåg, som har størst grad av overlapp med registrerte naturtypar. Føremålet overlappar i dette området med 63 daa kystlynghei, som er ein utvald naturtype. Området ligg innanfor reguleringsplanen for fiskerihamn Hovlandshagen. Næringsområdet på Serklau overlappar også med naturtypane kystlynghei og naturbeitemark, til saman om lag 55 daa (om lag 30 daa innanfor regulert område, og om lag 25 daa i tilgrensande uregulert område). Begge desse områda er vidareført frå kommuneplan 2013.

Når det gjeld idrettsanlegg er det i all hovudsak skytebanen på Vika som utgjer overlapp med registrerte naturtypar. Om lag heile føremålet overlappar med registrert naturtype Boreal hei. Området er vidareført frå kommuneplan 2013, men føremålet er endra til idrettsanlegg, i tråd med faktisk bruk av området.

Når det gjeld bustadføremål er det mange areal som til saman utgjer 166 daa med overlapp mellom bustadføremål og naturtypar. Fire av desse utgjer over 10 daa overlapp:

- Uregulert bustadføremål på Totland, Moster, som har om lag 18 daa overlapp med registrert kystlynghei. Arealet er endra frå LNF til bustadføremål i KPA 2026.
- Bustadføremål tidlegare regulert innanfor reguleringsplan R-73 Mosterhamn vestre frå 1997, som har om lag 17 daa overlapp med registrert kystlynghei. Reguleringsplanen er føreslått oppheva, men deler av bustadføremålet er vidareført i KPA 2026.
- Bustadføremål innanfor reguleringsplan R-82 Eidesfjell gnr. 57 bnr. 1 m. fl., Hidle i Langevåg. Planen er frå 2020 og er vidareført i KPA 2026. Om lag 15 daa overlappar med registrert kystlynghei.
- Bustadføremål innanfor reguleringsplan R-41 Hovland midtre, Vold og Vespestad gnr. 54, 55 og 56. Reguleringsplanen er føreslått oppheva, men deler av bustadføremålet er vidareført i KPA 2026. Bustadføremålet overlappar med 13 daa registrert semi-naturlig eng

4.2.4 Konsekvensar av planframlegget – Skog

Totalt i kommunen er det registrert om lag 99 000 dekar skog. I KPA 2026 er om lag 4075 daa utbyggingsføremål i konflikt med areal klassifisert som skog i AR5. Dette utgjer om lag 4 % av samla registrert skogareal i kommunen. I tabellen under er arealkonflikten mellom utbyggingsføremål i KPA 2026 og registrerte skogområde, fordelt på bonitet (AR5, 2026), sortert på føremål. Føremål som totalt sett har under 10 daa overlapp er ikkje tatt med i tabellen.

Arealføremål	Impedi-ment (daa)	Låg (daa)	Middels (daa)	Høg (daa)	Svært høg (daa)	Totalt, dekar
Bustad	698	100	176	1294	258	2525
Fritidsbustad	176	18	66	322	37	618
Tenesteyting	66	9	8	94	70	246
Fritid og turisme	20	34	72	67	4	197
Råstoff			10	45		55
Næring	138	85	31	179	5	438
Idrett	32	0	61	37	10	140
Anna bygg og anlegg	77	7	29	74	15	201
Uteopphaldsareal	23	1	5	13	4	46
Gravplass	3	1	2	3	1	11
Kombinert føremål bygg/anlegg	16	2	2	24		44
Samferdsel	40	13	61	347	127	588
Veg	4		4	5		13
Parkering	2			6	3	11
Teknisk infrastruktur			4	5	2	11
Kombinert føremål samferdsel	76	13	11	44	20	164
Grønstruktur	214	9	71	273	30	597
Friområde	154	16	174	451	179	973
LNF-spreidd generelt	3		3	1	15	21
LNF-spreidd bustad	290	0	188	442	54	974
Småbåthamn	15		4	2		20

Skogområda er svært viktige område for naturmangfald, men også når det gjeld karbonlagring. Dei er også viktige med omsyn til friluftsliv og som nærturområde. Sjå også kapittel 4.2.5 om økosystemtenester. Skogen er også ein ressurs, og konsekvensar av tap av skogområde omfattar såleis også tema naturressursar, sjå kapittel 4.6.

4.2.5 Konsekvensar av planframlegget - Økosystemtenester

Det skal gjerast ei vurdering av påverknad på økosystemtenester i samband med konsekvensutgreiinga. Økosystemtenester er goder og tenester me får frå naturen, og som bidrar til velferd for menneske, både direkte og indirekte. Omgrepet omfattar både fysiske og ikkje-fysiske goder. Økosystemtenestene er delt inn i fire kategoriar; Grunnleggande livsprosessar (som til dømes fotosyntese og primærproduksjon), forsynande tenester (som til dømes mat, ferskvatn), regulerande tenester (som til dømes regulering av klima, luftkvalitet og beskyttelse mot naturskade) og kunnskaps- og opplevingstenester (som til dømes rekreasjon og friluftsliv, estetiske verdiar, naturarv).

Grunnleggande livsprosessar, som til dømes fotosyntese, vil verta påverka ved nedbygging av urørt natur, skogområde og landbruksjord.

Når det gjeld forsynande tenester vil det kunna omfatta matproduksjon frå jord, skog og sjø, råstoff frå jord og skog, eller ferskvatn. Omdisponering av dyrka mark vil påverke økosystemtenestene negativt, samt tap av skogområde, eller påverknad på ferskvatn som kan nyttast som drikkevatn.

Når det gjeld regulerande økosystemtenester, vil dette omfatta mellom anna klimaregulering, til dømes i form av karbonlagring. I tillegg vil intakt natur, som til dømes våtmark og skog, medverke til å dempe flaum og erosjon.

Når det gjeld kunnskaps- og opplevingstenester omfattar det mellom anna friluftsliv i mange former, i tillegg til bevaring av kulturminne og kulturmiljø og opplevingsverdien som naturen kan gi.

Temaet økosystemtenester vil såleis vera overlappande med både tema naturressursar og naturmangfald, i tillegg til KU-tema karbonrike areal i KU-ane av enkeltinnspel. Det er gjennomført eit omfattande planvask-arbeid og mykje areal som var i konflikt med registrert naturmangfald og urørt natur er i denne prosessen endra til LNF-føremål. Det er totalt sett ein vesentleg reduksjon i areal til utbyggingsføremål i KPA 2026 samanlikna med KPA 2013, og det er også ein vesentleg reduksjon i utbyggingsføremål som overlappar med myrområde, registrert naturmangfald og registrerte skogområde. Dette er positivt med omsyn til økosystemtenester, samstundes som analysar synar at det framleis er ein del negativ arealkonflikt med t.d. myr, registrert naturmangfald og skogsområde.

I plankartet er alle naturvernområde i Bømlo kommune sikra med bandleggingssoner og tilhøyrande føresegner. Føresegnene viser til forskrift tilhøyrande kvar enkelt verna område. Det er i prosess forslag til verneområde Søre Bømlo. Dette er teke omsyn til i samband med KU og planvask.

Det er mange registrerte og kartfesta område for naturmangfald på land og i sjø kommunen. I plankartet er utvalde naturtypar synt med omsynssone bevaring naturmiljø (H560) og tilhøyrande retningslinje. I tillegg til dette sikrar felles føresegnene vurdering etter naturmangfaldslova og der det er aktuelt vassforskrifta. Vidare er føremål gyte- og oppvekstfelt i sjø synt i plankartet med tilhøyrande føresegn.

4.2.6 Konklusjon naturmangfald

Det er gjennomført planvask for alle utbyggingsføremål i KPA 2013. For tema naturmangfald har utbyggingsføremål som er i konflikt med registrerte naturtypar eller anna registrert naturmangfald i stor grad endra til LNF. Sameleis er også mange utbyggingsføremål som omfattar større, urørte område endra til LNF, sjølv om det ikkje er kartfesta naturverdiar i området.

Alle endringar frå LNF til utbyggingsføremål vil ha ein negativ konsekvens for naturmangfald, så lenge området ikkje allereie er utbygd. Dette gjeld uavhengig av om det er registreringar av naturmangfald innanfor eit område, då arealendringar og nedbygging av natur er ein av dei største truslane mot biologisk mangfald i dag. Når det gjeld nye utbyggingsføremål som er lagt inn i planframlegget er fleire av desse områda allereie bygd ut, og føremålsendringane vil såleis ikkje medføre særleg negativ konsekvens for naturmangfald. Generelt er det relativt få urørte område som er lagt med nytt utbyggingsføremål i planen, og få område som er i konflikt med viktige registreringar knytt til naturmangfald. Område/areal i konflikt har i stor grad blitt negativt tilrådd gjennom konsekvensutgreiinga.

Det er relativt store område registrert med naturtypen kystlynghei, særleg i den sørlege delen av kommunen. Nokre nye utbyggingsområde på areal med kystlyngheiregistreringar er positivt tilrådd i konsekvensutgreiinga. Dette gjeld mellom anna Lyklingområdet – Gullvegen gardstun og utviding av næringsområdet til Eidesvik settefiskanlegg i Langevåg. Bakgrunnen for at desse områda likevel er lagt inn i planframlegget er at samfunns- og næringsinteressene er vurdert til å vera svært viktige i desse områda.

Det er totalt sett ein vesentleg reduksjon i areal til utbyggingsføremål i KPA 2026 samanlikna med KPA 2013, og det er også ein vesentleg reduksjon i utbyggingsføremål som overlappar med myrområde, registrert naturmangfald og registrerte skogområde.

Det er framleis ein del overlapp mellom utbyggingsføremål og kjende registreringar av naturmangfald, samstundes som det også er store område i kommunen som ikkje er kartlagd.

4.3 Friluftsliv

4.3.1 Status og verdiar i kommunen

Bømlo er frå naturen si side rik på område med gode kvalitetar for friluftsliv på og ved sjøen. Det er fleire statleg sikra friluftsområde i kommunen, og relativt store areal er registrert som regionalt viktige friluftslivområde (alle med svært viktig eller viktig verdi). I konsekvensutgreiinga av enkeltareal innanfor 100-metersbeltet mot sjø er tema friluftsliv vurdert med relativt høge verdiar og konsekvensar, uavhengig av om områda har registreringar knytt til friluftsliv. Dette på grunn av at friluftsliv er ein viktig del av strandsoneverdiane.

4.3.2 Konsekvensar av planframlegget

I samband med planvask av føremål i KPA og reguleringsplanar har ikkje friluftsliv vore eit eige fagtema, og utbyggingsføremål har ikkje blitt endra på bakgrunn av registrerte friluftslivområde. Friluftslivvurderingar har inngått i vurdering av strandsoneverdiar, og for føremåla i strandsona har det vore eit viktig vurderingstema. Fleire utbyggingsføremål i tilgjengeleg og urørt strandsone har blitt endra til LNF gjennom planvasken. Dette vil vera positivt for tilgjenge for ålmenta, og for utøving av friluftsliv generelt.

For innspel som har blitt konsekvensutgreidd har friluftsliv vore eit eige vurderingstema, både i strandsona og i andre område.

Utbyggingsføremål i strandsona vil ha negative konsekvensar for friluftsliv på grunn av nedbygging og privatisering. Den negative verknaden vil vera mindre i område der det allereie er etablerte tiltak i området, og størst i urørte område. Strandsone er nærare omtala i kapittel 4.7.

Per 2026 er om lag 110 000 daa fordelt på 31 areal, klassifisert som kartlagde friluftområde i Bømlo kommune. Dei registrerte friluftslivområda i kommunen er store og grove, og det er behov for ein revisjon av desse. I tillegg til desse 31 områda er det 12 statleg sikra friluftsområde (ca. 1500 dekar) i kommunen.

Det er relativt lite utbyggingsareal på land i KPA 2026 som overlappar med kartlagde og statleg sikra friluftslivområde, sjå tabellen under. Av totalt 110 000 daa registrerte friluftslivområde er det om lag 680 daa som overlappar med utbyggingsareal på land. Dette utgjer under 1 % av dei kartlagde områda.

Arealføremål	Kartlagde friluftslivområde (daa)	Statleg sikra friluftsområde (daa)
Bustad	121	2
Fritidsbustad	70	
Tenesteyting	13	
Fritid og turisme	8	
Råstoff	67	
Næring	8	
Idrett	74	
Anna bygg og anlegg	62	4
Kombinert føremål bygg/anlegg	4	11
Samferdsel	46	
Veg	42	
Parkering	4	

Teknisk infrastruktur	14	
Kombinert føremål samferdsel	68	3
LNF-Spreidd bustad	72	
LNF-Spreidd fritidsbustad	7	
Totalt	**680**	**20**

I plankartet er større, viktige område for friluftsliv vist med omsynssone friluftsliv (H530) og tilhøyrande retningslinjer. Statleg sikra friluftsområde er avsett til føremålet friområde. I tillegg til dette er naturområde som ikkje er kartfesta som friluftsområde sikra gjennom arealføremål LNF og felles føresegner.

4.3.3 Konklusjon friluftsliv

Det er relativt lite utbyggingsareal på land som overlappar med registrerte friluftslivområde, samla i kommunen er det mindre ein 1% av dei registrerte områda som overlappar med utbyggingsføremål. I samband med planvask av KPA-føremål og reguleringsplanar er ein god del urørt strandsone og naturområde endra frå ulike utbyggingsføremål til LNF. Dette er svært positivt for å sikra tilgang for ålmenta til strandsona, og for å unngå vidare nedbygging av urørt strandsone og natur.

4.4 Landskap

4.4.1 Status og verdiar i kommunen

Bømlo er eit typisk kystlandskap med mange øyar, skjergard, skjerma vikar og med eit karakteristisk landemerke i den høgste toppen i kommunen, Siggjo. Landskapet i Bømlo varierer stort, men utsikt til sjø dominerer. Sona land-sjø er eit spesielt sårbart landskap som ofte er ope og eksponert, og der ein også finn verdifulle naturtypar som t.d. kystlynghei. Busetnad på Bømlo er i stor grad vendt mot sjø og er plassert langs hovudvegane, og i vikar/bukter og i terreng som gir utsikt til sjø.

Det er fem område i kommunen som er registrert med stor verdi (landskap med verdi over gjennomsnittet i regional samanheng) i verdivurderinga for Hordaland. Eitt område ligg nord i kommunen, kring Fitjarøyane og Brandasund, eitt område ligg kring Kuleseidkanalen/Børøy. Kring Espevær ligg delområda Espevær og Nordøyane – Holsøyane. I tillegg gjeld dette dei to delområda Moster og Nautøya, som også er registrert med stor verdi. Riksantikvaren sitt register «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse - KULA» frå 2016, har klassifisert deler av kommunen som KULA-område. Sjå kapitel 4.5 om Kulturminne/kulturmiljø.

Det er tre område i kommunen som er registrert med arealsone landskap i Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Dette er Fitjarøyane, Børøyfjorden/Kanalane og Espevær. Dette er område som omfattar registreringar av nasjonal eller regional verdi innanfor tema landskap, natur, friluftsliv og kulturminne. Regionalplanen sei at områda skal takast vare på gjennom omsyn i lokal planlegging og forvaltning.

4.4.2 Konsekvensar av planframlegget

I samband med planvask av føremål i KPA og reguleringsplanar har ikkje landskapsvurderingar vore eit eige fagtema. Desse vurderingar har likevel inngått i vurdering av strandsoneverdiar, og dels for vurderingar av LNF spreidd bustadføremål. Fleire utbyggingsføremål i tilgjengeleg og urørt strandsone har blitt endra til LNF gjennom planvasken, mellom anna på grunn av at utbygging i området vil medføre vesentlege terrenginngrep.

I samband med konsekvensutgreiing for nye areal er det lagt inn nokre føremål som vil føre til negativ verknad på landskapet. Dei største konsekvensane for landskap er i område som ikkje er utbygd, og som ligg i bratt terreng, i strandsona eller eksponert til, på høgdedrag i landskapet.

Nokre arealendringar ligg i område der det er registrert særskilt verdifulle landskapstypar, eller innanfor registreringar som arealsone landskap frå kystsoneplanen for Sunnhordland og ytre Hardanger.

Generelt er landskapskonsekvensar vekta noko høgare i strandsona, då denne delen er spesielt sårbar for nye inngrep. Det er likevel i liten grad lagt inn nye utbyggingsområde i urørt strandsone, og det er i hovudsak område som allereie er heilt eller dels utbygde som har fått endra arealføremål i planen. Landskapsverknadane av desse endringane er relativt avgrensa. Sjå også kapittel 4.7 om strandsone.

4.4.3 Konklusjon landskap

I samband med planvask har landskap vore vekta særleg i strandsona, og fleire utbyggingsføremål med utfordrande terreng har heilt eller dels blitt endra til LNF. For nye utbyggingsføremål er arealendringane som er lagt inn i planframlegget i stor grad justeringar eller utvidingar av eksisterande føremål, og endringar i område som allereie er heilt eller dels utbygd. Dei landskapsmessige konsekvensane av desse endringane er såleis avgrensa.

4.5 Kulturminne/Kulturmiljø

4.5.1 Status og verdiar i kommunen

Kulturminneplanen frå 2021 peikar på at Øyriket Bømlo, med sine 1000 små og store øyar, har ein rik og mangfaldig historie. Nærleiken til sjøen og ressursane i havet har sete sitt preg på både menneske, kultur og kulturlandskap - ikkje ulikt mange andre kystkommunar. Men, fortida rommar også hendingar og føresetnadar som har sete særlege spor. Unike markørar for korleis både dei fysiske omgjevnadane og samfunnet har blitt forma; bergverkshistoria, fiskehistoria, handelsstadane og kyrkje- og lovhistoria på Moster.

- Riksantikvaren har register over freda kulturminne, Askeladden,. I tillegg er det vedtaksfreda kulturminne på tre stader: Hummarparken på Espevær, Hiskholmen og Slåtterøy fyrstasjon. Askeladden inneheld òg registreringar av ein del bygningar og anlegg som ikkje er freda.
- SEFRAK-registeret for Bømlo omfattar bygningar og restar etter bygningar frå før 1900. SEFRAK (står for Sekretariatet For Registrering Av faste Kulturminner) er eit landsdekkande register over bygningar og restar etter bygningar frå før 1900. Registeret er ikkje ei stadfesting av verneverdi eller vernestatus.
- Kulturminne som fell utanfor desse to kategoriane, til dømes anlegg som ikkje er bygningar frå tida 1537 – 1900, og kulturminne frå tida etter 1900, er ikkje systematisk registrert. Eit område på Søra Bømlo manglar heilt i SEFRAK-registeret, som heller ikkje er heilt utfyllande i andre delar av kommunen. I oppstartfasen av arbeidet med kulturminneplanen blei alle SEFRAK-registrerte objekt synfarne og fotograferte på nytt.
- To større område i Bømlo er tatt inn i Riksantikvaren sitt register «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse - KULA» frå 2016. Dette gjeld området frå Bergeseidet til Espevær, og eit større område som omfattar Fitjarøyane og inkluderer dei nordlegaste øyane i Bømlo. Riksantikvaren oppmodar kommunane om å synleggjera og i vareta landskapsverdiane i sine arealplanar, og ha eit medvite forhold til desse verdiane i samband med utvikling av områda.

For KULA-området på Søre Bømlo – Hespriholmen: Steinalderlandskap med grønsteinproduksjon, seier rapporten følgjande når det gjeld sårbarheit og forvaltning:

> *Området er sårbart for utfylling av og bygging i dei lågtliggjande draga i landskapet. Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med generelle føresegner og retningsliner som formulerer målsetninga for forvaltinga av området, og rammer for bruken av det. I Langevåg sentrum bør reguleringsplan sikre dei nasjonalt verdfulle kulturminna. Hummerparken er freda etter kulturminnelova §§15 og 19.*

For området Fitjarøyane: Lyngheilandskap, maktsete og handel i leia, står det følgjande i rapporten når det gjeld sårbarheit og retningsliner for forvalting:

Landskapet er sårbart for tett utbygging og oppføring av store bygningsstrukturar nær gravhaugane som viser veg mot Fitjar. Fitjarøyane er sårbare for gjengroing av lyngheilandskapet, og for nye bygningsstrukturar på visuelt framståande stader i landskapet både på land og sjø. Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med generelle føresegner og retningsliner som formulerer målsetninga for forvaltinga av området, og rammer for bruken av det.

4.5.2 Konsekvensar av planframlegget

Det er gjennomført planvask for alle utbyggingsføremål i KPA 2013, der kulturminne og kulturmiljø er eitt av fagtemaa som inngår. Prinsippnotatet for planvask stadfestar at det skal gjennomførast særleg detaljerte vurderingar for LNF-spreidd føremåla med omsyn til direkte arealkonflikt med automatisk freda kulturminne, for å avgrense utløysing av krav til detaljreguleringsplan. For andre utbyggings-føremål skal det vurderast om forhold til kulturminne kan avklarast i reguleringsplan. Det er likevel gjort endringar til LNF for ein del utbyggingsføremål som er i direkte arealkonflikt med automatisk freda kulturminne, særleg i område der kulturminna ligg i ytterkant av føremål, eller utgjer stor del av føremålet.

Når det gjeld konsekvensutgreiingar av innspel er dei fleste innspela som er i vesentleg konflikt med registrerte kulturminne negativt tilrådd, eller justert slik at kulturminneinteressene vert tekne i vare. I nokre område, til dømes område for utviding av Eidesvik settefisk i Langevåg, og næringsområde i Langevåg sentrum ligg det registrerte automatisk freda kulturminne innanfor tilrådd utbyggings-område. Innspela er likevel tilrådd på grunn av at dei positive konsekvensane knytt til næringsliv og sysselsetting er vekta høgt. I desse områda vil det naturleg vera krav om reguleringsplan, der mellom anna omsynet til kulturminna må handsamast.

Nokre innspel overlappar med registrerte kulturmiljø i kommunedelplan for kulturminne. Konsekvens-utgreiinga har vurdert påverknaden av innspela i forhold til registrerte kulturmiljø, og dette er del av vurderingsgrunnlaget for tilrådinga av innspela.

Lokalitetar som er klassifisert som automatisk verna, uavklart vernestatus, statleg listeført eller har samansatt vernestatus i kommunen er synt med omsynssone bandlegging etter lov om kulturminne (H730). Føresegnene sikrar areal synt med H730 for varige inngrep og tiltak i omgjevnaden.

Kulturmiljø frå godkjent kulturminneplan frå 2021 er synt med omsynssone bevaring kulturmiljø med tilhøyrande retningslinje (H570). Ein stor del av kulturminna synt med omsynssone H730 er inkludert i omsynssone bevaring kulturmiljø H570. Dette gir kulturminna eit ytterlegare *sikring* ved at tiltak i omgjevnaden skal ta omsyn til kulturminna. Retningslinje i kommuneplanen sikrar at kommunedelplan for kulturminne skal vera førande for arealforvaltninga i kommunen. Mellom anna er kyrkjestadane i kommunen synt med omsynssone bevaring kulturmiljø; Moster nye og gamle kyrkje, Bømlo kyrkje, Bremnes kyrkje, Lykling kyrkje, mellomalder kyrkjestad Voll og Bømlo, samt kolerakyrkjegard Erevik og Vestre Vika gamle kyrkjestad.

Dei to KULA-områda som ligg i kommunen er vist med omsynssone bevaring kulturmiljø (H570, *Søre Bømlo – Hespriholmen*) og landskap (H550, Området *Fitjarøyane*) i ny plan med tilhøyrande retningslinjer for desse.

4.5.3 Konklusjon kulturminne/kulturmiljø

Det er gjennomført ein grundig planvask av kommuneplan 2013, som har medført at fleire automatisk freda kulturminne og kulturmiljø er endra til LNF-føremål. Særleg i LNF-spreidd føremåla er det gjennomført detaljerte vurderingar med omsyn til kulturminne. Nokre arealendringar, knytt til utvidingar av sjøtilknytte næringsområde, vil medføre negative konsekvensar for registrerte kulturminne. Det er elles i stor grad teke omsyn til registrerte kulturminne og kulturmiljø i planframlegget, og dei to KULA-områda i kommunen er sikra ved hjelp av omsynssoner.

4.6 Naturressursar

4.6.1 Status og verdiar i kommunen

Samfunnsdelen til kommuneplanen peikar på at landbruksdrifta og levande grender er ein del av historia i kommunen, og det same er kulturlandskapet og kystlyngheiområda. Det står vidare at lokal mat-produksjon, i liten og stor skala, er positivt både med tanke på klima og beredskap, og difor må landbruket oppretthaldast. Samfunnsdelen peikar på at Bømlo kommune skal overhalda det nasjonale jordvernmålet om omdisponering av dyrka jord, og skal ikkje overstige sin kvote frå fylket som per i dag er på 4 dekar i året. Samstundes som det står i samfunnsdelen at Bømlo kommune skal førebyggja nedbygging av dyrka-, dyrkbar mark og myr, er det ønskjeleg med ei utvikling med fortetting i kommunesenteret og lokalsentra. Denne interessekonflikten vil vera aktuell i fleire av lokalsentra, og i kommunesenteret.

4.6.2 Konsekvensar av planframlegget – dyrka mark

I samband med planvask av føremål i KPA og i reguleringsplanar har landbruksjord vore eit viktig fagtema, og utbyggingsføremål som er i konflikt med registrert landbruksjord i Ar5 er i stor grad endra til LNF. Dette gjeld for både fulldyrka jord, overflatedyrka jord, og for innmarksbeite.

Alle endringar frå LNF til utbyggingsføremål vil ha ein negativ konsekvens for dyrka mark. I samband med konsekvensutgreiingar av innspel er det i liten grad lagt inn nye utbyggingsføremål som overlappar med jordbruksareal. Område/areal som har vore i vesentleg konflikt har i stor grad blitt negativt tilrådd gjennom konsekvensutgreiinga, eller tilpassa til areal registrert som dyrka mark.

Det er i følgje Ar5 registrert totalt om lag 16500 daa dyrka mark (Ar5, FKB, 2026) i Bømlo kommune i 2026, sjå fordeling i tabellen under. I kommuneplan frå 2013, inklusiv godkjente reguleringsplanar, er det omdisponert om lag 2240 daa dyrka mark. Dette utgjer samla om lag 13,5 % av all dyrka mark i kommunen. Av desse utgjer om lag 750 daa utbyggingsføremål utan reguleringsplan og 1490 daa areal innanfor godkjente reguleringsplanar. I reguleringsplanane kan heile eller deler vera regulert til føremål som sikrar den dyrka marka frå utbygging. Det reelle talet på omdisponert dyrka mark er truleg lågare enn 2240 daa.

	Totalt i kommunen (daa)	**Omdisponert i KPA 2013 (daa)***	**Omdisponert i KPA 2013 (%)**
Fulldyrka jord	4111	415	10 %
Overflatedyrka jord	1851	436	23 %
Innmarksbeite	10545	1385	13 %
Totalt	**16500**	**2240**	**13,5 %**

* Utbyggingsføremål og reguleringsplanar, men ikkje LNF-spreidd føremål eller føremål grønstruktur.

Tala for planframlegget kan til ei viss grad samanliknast med tala for kommuneplan 2013. I tabellen under er det vist tal for KPA 2026 utan føremåla LNF, LNF spreidd og blågrønstruktur. Det er ei vesentleg feilkjelde i denne samanlikninga; I tala for 2013 er heile planområda for reguleringsplanane inkludert, mens i planframlegget er reguleringsplanar vist med hovudføremål, men framleis utan at alle detaljar i plankarta er vist. Arealkonflikten i kommuneplan 2013 og i kommuneplan 2026 er vist i tabellen under.

	Totalt i kommunen (daa)	**Omdisponert i KPA 2013 (daa)***	**Omdisponert i KPA 2026 (daa)**
Fulldyrka jord	4111	415 (10 %)	164 (4 %)
Overflatedyrka jord	1851	436 (24 %)	174 (9,4 %)
Innmarksbeite	10545	1385 (13 %)	587 (5,5 %)
Totalt	**16500**	**2240 (13,6 %)**	**930 (5,6 %)**

Sjølv om tala ikkje er heilt samanliknbare viser tabellen over likevel at arealkonflikten mellom utbyggingsføremål og dyrka mark er vesentleg redusert i planframlegget samanlikna med kommuneplan 2013. Mens 13,5 % av den dyrka marka (2240 daa) låg innanfor utbyggingsføremål i kommuneplan 2013 er tilsvarande tal for kommuneplan 2026 5,6 % (930 daa). Det er likevel framleis mykje dyrka mark som ligg innanfor utbyggingsføremål. Dersom ein inkluderer LNF spreidd-føremåla i oversikta er det om lag 1200 daa utbyggingsføremål som overlappar med dyrka mark i kommunen. Dette er framleis eit relativt høgt tal i forhold til målet om at kommunen ikkje skal omdisponere meir enn 4 dekar i året.

Tabellen under viser føremål i planframlegget som samla har meir enn 10 daa arealkonflikt med arealtype fulldyrka og overflatedyrka mark, samt innmarksbeite.

Arealføremål som overlappar med dyrka mark (AR5, 2026)				
Arealføremål	**Fulldyrka jord (daa)**	**Overflate-dyrka jord (daa)**	**Innmarks-beite (daa)**	**Totalt (daa)**
Bustad	70	124	398	592
Fritidsbustad	2	28	58	88
Tenesteyting	7	0	13	21
Anna bygg og anlegg	2	1	15	19
Kombinert føremål bygg/anlegg	1	1	9	12
Samferdsle	46	10	65	122
Veg	17	0	0	17
Kombinert føremål samferdsel	6	5	6	17
LNF-spreidd bustad	69	39	166	274
Totalt*	**234**	**211**	**752**	**1184**

* alle føremål, også dei med mindre enn 10 daa overlapp

Som tabellen viser er det bustadføremål og LNF spreidd bustad-føremål som har klart mest overlapp med dyrka mark i planframlegget.

Det er ein del av utbyggingsføremåla synt i tabellen over som er detaljregulerte og plankartet viser hovudføremåla i reguleringsplanane, og nødvendigvis ikkje alle detaljar. Omfang av arealkonflikt som tabellane ovanfor viser er noko feil pga. dette. Ein har difor valt å syne arealtal basert på utbyggingsføremål der kommuneplanen er gjeldande i tabell under. Det er berre føremål der som samla har meir enn 10 daa arealkonflikt som er vist i tabellen.

Arealføremål	**Fulldyrka jord (daa)**	**Overflatedyrka jord (daa)**	**Innmarks-beite (daa**	**Totalt (daa)**
Bustad	57	96	249	402
Fritidsbustad	2	28	44	74
Anna bygg og anlegg	2	1	10	13
Kombinert føremål bygg/anlegg	1	1	9	12
LNF-spreidd bustad	68	39	165	272
Totalt*	**135**	**167**	**486**	**787**

* alle føremål, også dei med mindre enn 10 daa overlapp

Det er bustadføremål som har klart mest overlapp med dyrka mark i planframlegget, totalt er det nesten 600 daa bustadføremål som overlappar med dyrka mark. Tabellen under viser overlapp mellom dyrka mark og utbyggingsføremåla bustad, LNF spreidd bustad og fritidsbustad, fordelt på delområde.

Tabellen inkluderer all dyrka mark, dvs. fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite. Grunna etterslep i oppdatering av AR5 har ein i tabellen under teke ut areal registrert som «grå areal», dvs. areal som allereie er bygd, og som dermed ikkje er reell dyrka mark, sjølv om det framleis er registrert som dyrka mark i AR5.

Føremål	Branda-sund	Bremnes	Finnås	Moster	Rubbestad-neset	Søre Bømlo	Totalt
Bustad	0	182	16	161	35	139	**534**
Fritidsbustad	2	5	63	5	2	3	**80**
LNF spreidd	6	107	63	4	32	17	**229**

Det er delområda Bremnes, Moster og Søre Bømlo som har over 90 % av areala med overlapp mellom dyrka mark og bustadføremål. For fritidsføremål er det delområde Finnås som har mest overlapp, mens for LNF-spreidd bustadføremål er det delområde Bremnes som har mest overlapp.

Karta under viser dei tre sentrumsområda kring Svortland, Langevåg og Moster, som er dei områda med størst grad av overlapp mellom dyrka mark og bustadføremål. Som det går fram av karta er områda med overlapp relativt spreidd i utstrekning. I samband med planvask av føremål i KPA er det valt å i stor grad nytte eigedomsgrensene som avgrensing av føremål. Det betyr at dersom ei bygd bustadtomt ligg i eit område med dyrka mark, vil ein som hovudregel legge heile tomta som bustadføremål, sjølv om det ligg registrert dyrka mark i ytterkantane av tomta. Dette er areal som ikkje vert nytta som naturressurs, men som er del av private bustadtomter, og areala utgjer såleis ikkje ei reell omdisponering av dyrka mark, men samla vil desse områda likevel gi utslag i arealrekneskapet. På same måte vil det ligga restareal registrert som dyrka mark langs tilkomstvegar som ligg innanfor utbyggingsføremål. Dette er heller ikkje areal som reelt sett vert omdisponert, men som vil gi utslag i arealrekneskapet.

Når det gjeld Svortland sentrum og omegn viser kartet under at det er store område i og rundt sentrum som er klassifisert som dyrka mark (vist med gul farge). Ein del av det jordbruksarealet som overlappar med bustadføremål (vist med raud farge) ligg inneklemt, med bustadføremål på fleire kantar. I slike område er det valt å ikkje ta ut jordbruksareal i samband med planvask, då dette er tenkt løyst/avklart gjennom reguleringsplan for området. Det ligg relativt store bustadføremål som overlappar med dyrka mark i området Stavlandsneset og Stavlandskleivane. I dette området er det om lag 25 daa overlapp mellom bustadføremål og dyrka mark. Innanfor tidlegare reguleringsplan for Bremnes sentrum (R-50) er det til saman om lag 18 daa overlapp, og innanfor bustadføremål på Steinsbø/Urang er det til saman om lag 9 daa overlapp. Desse tre områda er vist med svarte ringar i kartet under.



Figur 8 Delområde Bremnes; Svortland sentrum med omland. Dyrka mark (samla fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite) er vist med gul farge, overlapp mellom bustadføremål og dyrka mark er vist med raud farge, grå farge er grå areal/bygd areal.

I Langevåg-området er det registrert dyrka mark i området kring sentrum, og det meste arealet som overlappar med bustadføremål ligg på Hovland og sørover, på sørsida av Hovlandsvegen. Reguleringsplanen R-41, Hovland midtre, Vold og Vespestad gnr. 54, 55 og 56 dekkjer relativt store areal i dette området, og planen er føreslått oppheva. Det er lagt inn nye føremål i KPA 2026, som i stor grad samsvarer med føremåla i reguleringsplanen. Innanfor arealet som tidlegare var omfatta av denne reguleringsplanen er det 56 daa overlapp mellom bustadføremål og dyrka mark. I tilgrensande bustadføremål aust for dette er det til saman om lag 45 daa bustadføremål som overlappar med dyrka mark. Desse areala er vist med svart ring i kartet under.



Figur 9 Delområde Søre Bømlo, Langevåg sentrum med omland. Dyrka mark (samla fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite) er vist med gul farge, overlapp mellom bustadføremål og dyrka mark er vist med raud farge, grå farge er grå areal/bygd areal.

I områda kring Moster sentrum er det også mykje registrert dyrka mark (sjå figur under, der all dyrka mark er vist med gul farge). Mykje av dei overlappande areala mellom dyrka mark og bustadføremål ligg innanfor eller i nær tilknyting til allereie utbygde område. Særleg i området Austre Grønås og på Totland er det ein del større areal med overlapp mellom bustadføremål og dyrka mark. Dette er bustadføremål i KPA, områda er ikkje omfatta av reguleringsplanar. Dei to områda er markert i kartet under. I området Austre Grønås er det til saman om lag 23 daa overlapp, mens på Totland er det til saman om lag 36 daa overlapp.



Figur 10 Delområde Moster, Moster sentrum med omland. Dyrka mark (samla fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite) er vist med gul farge, overlapp mellom bustadføremål og dyrka mark er vist med raud farge, grå farge er grå areal/bygd areal.

Når det gjeld fritidsbustad-føremål er det delområde Finnås som har klart mest overlapp med dyrka mark. Fritidsbustadføremålet på Geitung har om lag 33 daa overlapp med dyrka mark, medan fritidsbustadføremålet sør på Børøy overlappar om lag 14 daa med dyrka mark, og på Straumøy er det om lag 3 daa overlapp mellom fritidsbustadføremål og dyrka mark. Sjå kart under.



Figur 11 Fritidsføremål som overlappar med dyrka mark (samla fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite) er vist med oransje farge.

4.6.3 Dyrkbar jord

Dyrkbar jord er areal som ikkje er fulldyrka, men som ut i frå agronomisk perspektiv kan dyrkast opp til fulldyrka jord, og som held krava til klima og jordkvalitet for plantedyrking. Dyrkbar jord kan vere registrert på arealtypane overflatedyrka jord, innmarksbeite, skog, ope fastmark og myr i AR5. I tabellen under er det vist føremål i planframlegget som overlappar med dyrkbar jord.

Føremål	Overlapp med dyrkbar jord (daa)
Bustad	38
Fritidsbustad	17
Næring	5
Anna bygg og anlegg	1
Uteopphaldsareal	5
Samferdsel, veg og kombinert samferdsel	35
LNF-spreidd bustad	8

4.6.4 Konsekvensar av planframlegget – skogbruk

Skogområde er viktige både for naturmangfald, for karbonlagring, for friluftsliv og som naturressurs. Totalt i kommunen er det registrert om lag 99 000 dekar skog. Sjå kapittel 4.2.4 for tabellar som viser overlapp mellom utbyggingsføremål og skogareal i kommunen. I KPA 2026 er i overkant av 4000 daa utbyggingsføremål i konflikt med areal klassifisert som skog i AR5.

Planframlegget vil medføre noko negativ verknad for skogbruk som naturressurs, men avgrensa då dei omdisponerte areala til utbyggingsføremål er fordelt på fleire mindre areal, og planframlegget vil såleis ikkje medføre vesentlege økonomiske tap med omsyn til skogbruk.

4.6.5 Konklusjon naturressursar

Det er ein del registrert dyrka mark som overlappar med utbyggingsføremål i KPA 2026, sjølv om det er vesentleg mindre areal enn det var i kommuneplan 2013. Talet på overlappande areal er høgare enn den reelle omdisponeringa av dyrka mark. Det er mellom anna ikkje vaska vekk registrert dyrka mark som ligg innanfor bustadeigedomar, og det er teikna opp rette linjer til dømes for etablerte tilkomstvegar i

bustadføremål, noko som gjer at restareal langs vegane vert liggande som bustadareal, sjølv om dette er areal som ikkje kjem til å bli utbygd. Det er også lagt inn føremål i KPA 2026 under reguleringsplanar. Hovudføremåla i reguleringsplanane er lagt inn, men KPA viser ikkje alle detaljar i reguleringsplanane, og dette vil såleis også vera ei feilkjelde.

Det er sjølv med denne usikkerheita ein del dyrka mark som overlappar med utbyggingsføremål, og særleg med bustadføremål. Om lag 5,6 % av den dyrka marka i kommunen ligg innanfor utbyggingsføremål. Ein stor del av områda med mykje registrert jordbruksareal og mykje busetnad, ligg i nærleiken av kommunesenteret Svortland, og lokalsentra Moster og Langevåg. Det betyr at det er utfordrande å unngå bygging på dyrka mark samstundes som ein ønskjer ei utvikling med fortetting i kommunesenteret og lokalsentra. Samfunnsdelen peikar også på at denne interessekonflikten er aktuell i fleire av lokalsentra, og i kommunesenteret. For ein del bustadareal som ligg tett på sentera i kommunen er det gjort eit bevisst val om å prioritere bustad, fordi ein ønskjer ei fortetting i desse områda, noko som er i tråd med føringar knytt til senterutvikling, areal og mobilitet.

4.7 Strandsone

4.7.1 Bakgrunn

Bømlo kommune har eit landareal på 235 000 dekar, og strandsonebeltet (ca. 67 000 daa) utgjer om lag 29 % av det totale landarealet. Strandsonerettleiaren for Vestland fylke peikar på at det knyter seg viktige allmenne verdiar til kyst- og strandsona, og at det er viktig å unngå uheldig utbygging i strandsona. Mange enkeltinngrep påverkar natur- og kulturlandskapet over tid, og forringar kvalitetane i områda. Strandsona har vore underlagt eit særskilt vern sidan midten av 1950-talet, og det alminnelege byggjeforbodet vart første gong lovfesta i 1965. Kommunane må balansera mellom bruk og vern av areala basert på nasjonale og regionale føringar. Klare planmålsetnader, godt planverktøy og gode planprosessar er viktig for ei heilskapleg og langsiktig forvaltning av strandsona.

Byggjeforbodet til sjø er lovfesta i § 1-8 i plan- og bygningslova. I 100-metersbeltet skal det etter § 1-8 visast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Ingen tiltak forutan fasadeendring og frådeling ved innløysing av bygd festetomt er tillate i 100-metersbeltet. Forbodet gjeld så langt det ikkje er sett annan byggjegrense i kommuneplanen sin arealdel eller reguleringsplan.

I følgje statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona ligg Bømlo kommune i sone 3, som er område med mindre press på areala. Retningslinja gir at i område med lite utbyggingspress og mykje tilgjengeleg strandsone, kan det i større grad godkjennast nye tiltak enn i område med mykje press og lite tilgjengeleg strandsone. Tiltak må alltid vurderast opp mot omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Sjølv om Bømlo er klassifisert i sone 3, er det eit relativt stort byggjepress i strandsona i deler av kommunen. Retningslinja peikar på trong for intern differensiering også innad i ein kommune mellom område med ulik grad av utbyggingspress.

Bømlo er ein øykommune med lange tradisjonar med aktiv bruk av strandsona og sjøareala til næring og fritid. Bruken av strandsona har gradvis endra seg frå tradisjonell bruk (fiske) til fritidsbruk, særskilt om sommaren. Kysten er eit fleirbruksområde, og strandsona skal forvaltast i eit langsiktig og berekraftig perspektiv, og det er eit nasjonalt mål å hindre vidare utbygging av strandsona. For å nå desse måla må utbygging langs sjøen i størst mogleg grad lokaliserast til allereie utbygde område, som fortetting og ikkje i ubygde område som medfører ytterlegare nedbygging av strandsona. Samfunnsdelen peikar på at ålmenta sin tilgang til sjøen skal vera eit gjennomgåande krav, og at attraktive strandsoneområde må sikrast for innbyggjarane. Det står vidare at fritidsbustader må bli meir systematisk handsama, og ikkje slik at desse legg unødvendig beslag på attraktiv strandsone eller medfører at enkeltgrender blir «livlause» utanom feriesesongane. Det er vidare peika på at bustadareal langs sjøen må bli prioritert til

fastbuande og vurderast om nokon av områda sett av til fritidsbustad er meir eigna som bustadområde eller andre føremål (til dømes næring, friluft/grønt, bygg og anlegg, LNF eller tenesteyting).

4.7.2 Byggjegrense til sjø

I kommuneplan frå 2013 er det sett generelle byggjegrenser til sjø i føresegnene. Nasjonal og regional rettleiing er tydeleg på at det ikkje skal setjast generelle byggjegrenser til sjø i nye planar. Alternativet til generelt byggeforbod i 100-metersbeltet er å kartfeste ny byggjegrense i kommuneplan eller reguleringsplan.

På bakgrunn av dette er det gjort eit omfattande arbeid med å setje byggjegrense til sjø i planframlegget for alle utbyggingsføremål, inkludert LNF-spreidd føremåla. I område der det er eit klart plankrav (større, heilt eller dels ubygde areal) er det ikkje sett byggjegrense. I desse områda må byggjegrensa setjast i samband med utarbeiding av reguleringsplan. I område som allereie er omfatta av reguleringsplan med byggjegrense er det denne som er gjeldande. Det er ikkje sett byggjegrense i område som er avsett til LNF-føremål. For meir detaljar om byggjegrensa, sjå vedlegg om byggjegrense til sjø. Retningslinjene presiserer at alle tiltak bør trekkast lengst mogleg vekk frå strandlinja.

4.7.3 Konsekvensar av planframlegget

I dette kapitelet er forholdet til forvaltning og nasjonale/regionale rammer skildra. For dei spesifikke strandsoneverdiane er desse konsekvensutgreidd i kapitel 4.2 til 4.6 ovanfor (naturmangfald, friluftsliv, landskap, kulturminne/kulturmiljø og naturressursar).

I samband med planvask er det gjennomført detaljerte vurderingar for utbyggingsføremål som ligg i strandsona (100-metersbeltet til sjø). Vurderingane følgjer hovudprinsippet om at inngrepsfrie areal (naturområde) som ligg i ytterkant av utbyggingsføremål vert endra frå utbyggingsføremål til LNF. Utbyggingsføremål som ligg innimellom bygd situasjon, og areal som er grå opparbeidde areal (område med tiltak/inngrep) skal vidareførast. Om desse areala kan byggjast på skal avklarast i reguleringsplan. Planvasken har på bakgrunn av dette i stor grad endra tilgjengeleg og urørt strandsone til LNF-føremål. Dette gjeld både ubygde føremål og føremål som er dels utbygd.

Når det gjeld konsekvensutgreiing av enkeltinnspel er det gjort spesifikke strandsonevurderingar for kvart innspel, mellom anna basert på føringar gitt i strandsonerettleiaren for Vestland. Sjølve vektinga av strandsoneverdiane er gjort under dei aktuelle temaa; landskap, friluftsliv, naturmangfald. Mange av arealendringane i planframlegget ligg i 100-metersbeltet mot sjø, men endringane er i all hovudsak knytt til føremålsendring mellom ulike byggeføremål, eller er ei stadfesting av faktisk bruk/tiltak.

Tabellen under viser utbyggingsføremåla i forslag til ny kommuneplan overlappar med 100-metersbeltet til sjø, strandsonebeltet. Føremål som samla har under 10 daa overlapp er ikkje inkludert i tabellen. Det er valt å ikkje syne arealføremål som er knytt til sjø grunna ulik detaljnivå på kystkonturen.

Totalt sett er det bustadføremål som har størst grad av overlapp med 100-metersbeltet, med i overkant av 2000 daa i strandsonebeltet. Fritidsbustad, næring, anna bygg og anlegg (inkludert naust) og LNF-spreidd bustad er føremål som har meir enn 500 daa overlapp med strandsonebeltet. For ubygde areal er det også bustadføremål som har størst grad av overlapp med strandsonebeltet, følgd av fritidsbustad, næring, anna bygg og anlegg, samt fritid og turisme. Det må presiserast at tala i tabellen under ikkje representerer areal som reelt sett er i konflikt med strandsoneinteresser. Mykje av arealet er restareal som såleis ikkje er verdifull strandsone, og heller ikkje areal som kan telja som ein arealreserve.

Arealføremål	Totalt, daa	Bygd areal, daa*	Ubygd areal, daa
Bustad	2 157	1360	797
Fritidsbustad	887	477	409

Sentrum	33	31	3
Tenesteyting	74	39	35
Fritid og turisme	174	42	132
Næring	822	476	346
Anna bygg og anlegg	574	349	226
Kombinert føremål bygg/anlegg	79	49	30
Samferdsel	211	109	102
Hamn	52	37	15
Kombinert føremål samferdsel	190	78	112
LNF-spreidd generelt	33	10	24
LNF-spreidd bustad	657	364	292

* Bygd areal er basert på GråAreal i Miljødirektoratet sin database.

Utrekningar viser at om lag 23 % av arealet til bustadføremål (totalt 9298 daa) i kommunen ligg innanfor 100 metersbeltet, mens 56 % av arealet til fritidsbustadføremål (1571 daa), 44 % av areal til næringsføremål (1861 daa), 57 % av areal til fritid og turismeføremål (303 daa) og 23 % av arealet til LNF-spreidd bustad (2890 daa) ligg innanfor strandsonebeltet.

Statlege planretningsliner (SPR) slår mellom anna fast følgjande under *generelle retningsliner* for alle soner:

- Areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør prioriterast føre areal til fritidsbustader.
- Ved lokalisering av næringsområde bør det tilleggjast vekt om næringar og næringsverksemd som bidrar til auka lokal verdiskaping treng tilgang til sjøen.

Basert på desse retningslinene er det uheldig at over 50 % av arealet knytt til føremåla fritidsbustad, samt fritid og turisme ligg innanfor 100 metersbeltet. Dette talet inkluderer bygde areal, men det er også ein betydeleg arealreserve (ubygde areal) som ligg i strandsonebeltet (26 % av reserven på fritidsbustad og 43 % av reserven for fritid og turisme).

For bustadføremål og LNF-spreidd gir planretningslinjene i større grad ein opning for at desse kan plasserast i strandsonebeltet. For næringsføremål er det i vurderingane både i planvask og i konsekvensutgreiingar av enkeltinnspel lagt vekt på at næringsverksemder som treng å ligga til sjø skal få høve til å plasserast her. Når det gjeld andre utbyggingsføremål er det i stor grad lagt vekt på i kva grad dei aktuelle områda allereie er heilt eller dels utbygd. Område som allereie er teke i bruk har i all hovudsak fått endra føremål til å vera i tråd med faktisk arealbruk, medan heilt urørte areal i strandsona ikkje er sett av til utbyggingsføremål.

Når det gjeld areal til LNF-spreidd bustadføremål er utbygging i desse områda avgrensa i tal på einingar og i plassering. I høve til strandsonevern er ny utbygging i desse områda avgrensa gjennom fastsetjing av byggegrense mot sjø, samt at føremåla i hovudsak er trekt noko frå kystkonturen. Såleis vil det vera ein avgrensa del av LNF-spreidd føremålet som vil verta utbygd, og den reelle bruken/privatisering av strandsona er vesentleg mindre enn talet oppgitt i tabellen.

4.7.4 Konklusjon strandsone

I arbeidet med planvask og konsekvensutgreiingar er det i liten grad tilrådd utbyggingsføremål i urørt strandsone. Unntaket er areal for næring, der ein har hatt hovudfokus på behovet for næringsareal til sjø. Utanom næringsføremåla er utbyggingsføremål innanfor 100-metersbeltet i hovudsak berre fagleg tilrådd i område som allereie er heilt eller dels utbygd. Ein del areal er teke inn i planframlegget på bakgrunn av politiske vedtak.

Strandsonerettleiaren for Vestland og SPR strandsone er nytta i kommuneplanarbeidet. Det har vore fokus på lokaliseringsprinsipp, fortettingsstrategi, ivaretaking av urørte område og fastsetjing av

byggegrense til sjø. Mange av arealendringane i planframlegget er i tråd med overordna føringar. Det er likevel område som er utfordrande, og dels er i strid med strandsonevernet. Kommunen har likevel valt å prioritere byggeføremål i desse områda.

4.8 Nærmiljø og stadutvikling – senterstruktur

4.8.1 Bakgrunn

Regional plan for attraktive senter 2015-2026 legg overordna rammer for sentrumsutviklinga, og definerer ein senterstruktur med Bergen som fylkessenter og Leirvik på Stord som regionsenter. I samband med kommuneplanarbeidet skal kommunane utarbeide ein senterstruktur i kommunen som er tilpassa lokale tilhøve. Fagtema senterstruktur er vanskeleg å handsama isolert, og temaet grensar særskilt mot plantema som næringsutvikling, bustad-, areal- og transportplanlegging.

I Bømlo kommune er det Svortland som er kommunesenteret. Det er definert fire lokalsenter i kommunen; Moster, inkludert Mosterhamn, Rubbestadneset, Finnås og Langevåg. For meir informasjon om senterstrukturen, sjå tekst om dette i planomtalen. Innanfor alle desse sentera er det lagt inn sentrumsføremål i planframlegget.

4.8.2 Konsekvensar av planframlegget

Det er naturleg at bustad- og sentrumsføremål ligg i tilknyting til definerte senter i kommunen. Når det gjeld fritidsbustad, naust og fritid-/turismeføremål er desse føremåla mindre avhengige av senterstrukturen i kommunen.

I samband med planvask av utbyggingsføremål og konsekvensutgreiing av innspel har plasseringa av føremåla i forhold til senterstrukturen vore ein del av vurderinga. Dette har vore særleg fokus på når det gjeld bustadføremål. For meir detaljar om dette sjå kapittel 3.3.4.

Svortland er kommunesenteret på Bømlo. Det er forretning, kontor, bustad, kulturtilbod, kyrkje med gravplass, diverse tenester og kafé/restaurantdrift i sentrumskjernen i dag. Rundt kjernen er det mykje bustad, næring og tenester. Tilhøyrande senteret er det også mellom anna eigne barnehagar, barneskule, ungdomskule, ein av lokasjonane til Bømlo vidaregåande skule, tannlege, legesenter og helseinstitusjonar.

Sentrumskjernen er i stor grad vist som område omfatta av reguleringsplan i KPA 2013.I planframlegget er mykje av sentrumskjernen endra til sentrumsføremål, noko som vil opne for meir fleksibilitet enn gjeldande plansituasjon. Det er også lagt inn ein god del bustadføremål, som i stor grad er i tråd med eksisterande bruk av områda, og som opnar for fortetting av bustad i sentrum. Tre areal er vist som tenesteyting i planframlegget, heilt eller dels i tråd med eksisterande bruk. I tillegg er det lagt inn nokre kombinerte føremål, dels i tråd med eksisterande bruk. BUS-tomta er gitt kombinert føremål bustad, kontor og tenesteyting. Endra føremål gir meir fleksibilitet for utvikling av tomta no etter at det er bygd ny ungdomsskule på ny lokasjon og denne tomta ikkje skal brukast til dette lenger.

Sentrum i lokalsenteret Finnås er klart definert ved Kuleseidkanalen. Det er forretning, verkstad, bedehus og eit lagerbygg i sentrumskjernen i dag. Rundt kjernen er det næring, inklusivt overnattingsmoglegheit og restaurant, samt bustad. Tilhøyrande senteret er det også eigen barnehage og barneskule som ligg på Våge. Sentrumskjernen er i stor grad vist som område omfatta av reguleringsplan i KPA 2013. Det er føreslått å endre mykje av sentrumskjernen til sentrumsføremål i planframlegget. Dette vil opne for meir fleksibilitet enn gjeldande plansituasjon. Eksisterande bygg i områda vil i hovudsak være i tråd med føremålet som er føreslått. Kring Finnås er det også lagt inn ein del nye areal på bakgrunn av innkomne innspel, særleg kring Kuleseidkanalen. Desse vil vera med på å leggje til rette for vidareutvikling av Finnås og Kuleseidkanalen, og byggje opp under dette som lokalsenter i kommunen.

Sentrum i lokalsenteret Rubbestadneset er klart definert med områda i kring matbutikken. Det er forretning, hotell, kontor, bustad og noko kafédrift i sentrumskjernen i dag. Rundt kjernen er det mykje næring, og elles bustadar og skule. Tilhøyrande senteret er det også eigen tannlege, barnehage, barneskule, ungdomskule og ein av lokasjonane til Bømlo vidaregåande skule. Sentrumskjernen er i stor grad vist som område omfatta av reguleringsplan i KPA 2013. Det er føreslått å endre mykje av sentrumskjernen til sentrumsføremål som vil opne for meir fleksibilitet enn gjeldande plansituasjon. Samtidig vil ein endra del av område til bustadføremål, som opnar for fortetting av bustadar i sentrum. Eksisterande bygg i områda vil i hovudsak være i tråd med føremåla som er føreslått. Det er i tillegg lagt inn nokre nye føremål kring Rubbestadneset, men ingen som ligg heilt tett på senteret.

Sentrum i lokalsenteret Langevåg er klart definert med områda kring matbutikken. Det er forretning, næring, kontor, bustad og kafé/restaurantdrift i sentrumskjernen i dag. Rundt kjernen er det mykje næring, bustad og skule. Tilhøyrande senteret er det også eigen barnehage, barneskule, ungdomskule, tannlege og kyrkje med gravplass. Sentrumskjernen er i stor grad vist som område omfatta av reguleringsplan i KPA 2013. Det er lagt inn sentrumsføremål i planframlegget. Dette vil opne for meir fleksibilitet enn gjeldande plansituasjon. Eksisterande bygg i området vil i hovudsak vera i tråd med nytt føremål. I Langevåg er det i tillegg lagt inn nokre nye føremål, næringsføremål i sentrum, , og tenesteyting i området kring eksisterande barnehage.

I Moster er det i dag forretning, kontor, bustad, næring og tenesteyting i sentrumskjernen. Rundt kjernen er det næring, bustad, tenester og kulturtilbod. Tilhøyrande senteret er det legesenter og helseinstitusjonar, Det er også eigen barneskule og ungdomskule ved Espelandssjøen og barnehagar ved Espelandssjøen og i Åsen. Sentrumskjernen er i stor grad uregulert, men avsett til forretning og tenesteyting i gjeldande KPA. Det er føreslått å endre mykje av sentrumskjernen til sentrumsføremål som vil opne for meir fleksibilitet enn gjeldande plansituasjon. To nye bustadføremål i sentrum er i stor grad i tråd med eksisterande bruk av områda og opnar for fortetting av bustad i sentrum. Det er også gjort nokre andre endringar, mellom anna er det føreslått å endre arealet rundt amfiet og tollhagen (kulturtilbod mm) til tenesteyting, samt endring av arealet kring Mostrahuset til næringsføremål.

Føresegnene peikar på at det i sentrumsføremåla kan etablerast sentrumsfunksjonar som naturleg ligg til føremålet og som byggjer opp om sentrum. Det gjeld mellom anna tiltak for bustad, kontor, forretning, tenesteyting, hotell, parkering, samferdsle, kai, torg og uteopphaldsareal. Det er i tillegg presiserert at det innanfor sentrumsføremåla skal vera høg utnyttingsgrad, aktive og opne fasadar i første etasje mot gater og sentrale fellesareal. Føresegnene peikar også på at det skal settast krav om høg arealutnytting ved planlegging i kommunesenter og lokalsentra. Retningslinene seier at i sentrumskjerna bør det settast særskilte krav om høg arealutnytting og kvalitet, med fokus på gode uteopphaldsareal og bevegelseslinjer.

4.8.3 Konklusjon nærmiljø og stadutvikling – senterstruktur

Bømlo er ein langstrakt kommune med ein relativt oversiktleg senterstruktur. I ny kommuneplan har ein definert senterstrukturen og set rammer i føresegnene som skal styrke sentera og såleis også lokalisering av ulike type arealbruk. Dette er eit positivt grep for vidare planlegging og forvaltning i kommunen.

Mykje av endringane i sentrum er gjort for å tilpassa føremåla til eksisterande bruk, men også for å gi meir fleksibilitet enn det gjeldande plan gir opning for. Føresegnene sikrar at det vert høg utnyttingsgrad, og fokus på kvalitet ved planlegging i sentrumsområda.

4.9 Barn og unge sine interesser

4.9.1 Bakgrunn

Rettleiaren for barn og unge i plan og byggesak peikar på at god og gjennomtenkt planlegging er grunnleggande for at barn får trygge oppvekstvilkår og eit godt utgangspunkt for god helse. Det må vera enkelt og trygt å gå og sykle til skule, vener og fritidsaktivitetar, og det må finnast område for fysisk utfalding. Nesten all planlegging har innverknad på nærmiljø og oppvekstvilkår for barn og unge på kort eller lang sikt.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 seier mellom anna følgjande om forventningar knytt til barn og unge og deira oppvekstmiljø:

> *Det legges til rette for trygge skoleveier og aktivitetsvennlige nærmiljøer med varierte tilbud for lek og opphold for ulike aldersgrupper. Deltakelse i samfunnet for flest mulig sikres gjennom universell utforming av nye bygninger og uteområder.*
>
> *Det settes av tilstrekkelige arealer av god kvalitet til grønnstruktur, uterom og møteplasser som stimulerer til fysisk aktivitet, naturopplevelse og sosialt fellesskap, samtidig som byer og tettsteder utvikles gjennom fortetting og transformasjon.*

Samfunnsdelen peikar på naturbasert kystliv, og at det i medverknadsfasen har kome fram eit sterkt ønske om å sikre ålmenta betre tilgang til, og betre bruk av kysten sine kvalitetar. Samfunnsdelen stadfestar at kystsona skal nyttast i balanse mellom bruk og verna av areal- og naturressursar, og medverke til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet. Det står at Bømlo skal vere ein grøn kommune der alle skal ha rik tilgang på både blå og grøne område, og det er peika på at naturen kan senke stressnivå, auke kreativiteten på arbeidsplassen, betre motorikk og konsentrasjon hos barnehagebarn og forbetre helsenivå. Samfunnsdelen peikar vidare på at det er ønskjeleg med barnevenlege nærmiljø, inkludert barnevenlege lokalsenter, arkitektur og infrastruktur. Det er vidare vist til at det er eit gjennomgåande ønskje frå både unge og eldre med fleire sosiale møteplassar.

Gjennom arbeidet med planvask og konsekvensutgreiingar er det søkt å fokusere på at utbyggingsføremål skal liggje på rett stad. Til dømes slik at bustadføremål i største mogleg grad ligg i tilknyting til sentrumsområde, slik at ein kan leggje best mogleg til rette for mjuke trafikantar, inkludert barn og unge. Samstundes er det gjort eit omfattande planvaskarbeid, der utbyggingsføremål i konflikt med til dømes strandsoneverdiar og viktige naturområde, er tilrådd endra til LNF. Dette vil vera positivt med omsyn til ålmenta sine interesser generelt, men særskilt barn og unge.

4.9.2 Konsekvensar av planframlegget

I samband med konsekvensutgreiingane for enkeltareal kjem barn og unge sine interesser i hovudsak inn under temaa friluftsliv, samt nærmiljø og stadutvikling. Planframlegget er i mindre grad enn kommuneplan 2013 i konflikt med fleire viktige fagtema, som også er viktige for barn og unge.

Føresegnene seier at planlegging skal bidra til å fremja god oppvekst for barn og unge. Barn og unge skal inviterast til å medverke i saker som angår dei. Barne- og ungdomstråkk skal leggast til grunn i planlegging der det er aktuelt. Det står vidare at det skal takast særleg omsyn til snarvegar, gang- og sykkelsamband, turstiar, barne- og ungdomstråkk og varierte aktivitetsområde ved all utbygging.

Sentralt i utforming av bustadområde er uteopphaldsareal, privat per bueining og felles for bueiningane. Føresegnene set krav til arealstorleik og kvalitet for desse type areala. Det er i ny kommuneplan fokusert på at fellesareala skal vera allmenn tilgjengelege møte- og leikeplassar, heller enn isolerte leikeplassar. Ein ønskjer at desse areala skal fungere som sosiale møteplassar som samlar folk på tvers av generasjonar og bruk, samt fremjar fysisk og sosial aktivitet. Andre føringar som er viktige for barn og unge er m.a. at det skal sikrast naudsynte, trygge ferdselslinjer til aktuelle målpunkt for mjuke trafikantar, samt at det skal sikrast allmenn tilgang til strandsona i senterområda, ved t.d. parkar/friområde og/eller fellesanlegg.

4.9.3 Konklusjon barn og unge sine interesser

Planframlegget er i mindre grad enn kommuneplan 2013 i konflikt med fleire viktige fagtema, som også er viktige for barn og unge. Føresegnene har fleire punkt som er direkte retta mot barn og unge sine interesser, og såleis sikrar interessene for barn og unge.

4.10 Klima og energi

4.10.1 Bakgrunn

Transportsektoren er den største kjelda for CO_2-utslepp i Noreg i dag. Klimaplan for Hordaland (2014-2030) har mål om å redusere Hordaland sine klimagassutslepp frå vegtrafikken med 50 % innan 2030. Klimaplanen har fire strategiar for å nå dette målet:

- Klimavennleg utbyggingsmønster
- Meir gange, sykkel og kollektivtransport
- Avgrense biltrafikken
- Overgang til transportmidlar med lågare eller null utslepp

Statlege retningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging peikar på at utbyggingsmønster og transportsystem bør fremme utvikling av kompakte byar og tettstader, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlege transportformer. Det er vidare presisert at potensialet for fortetting og transformasjon bør utnyttast før nye utbyggingsområde vert teke i bruk, og at nye utbyggingsområde bør styrast mot sentrumsnære område med høve for utbygging med mindre arealkonfliktar.

Samfunnsdelen til Bømlo peiker på at ny konsentrert bustadbygging (bustadfelt) bør skje i og kring sentra for å utnytte eksisterande infrastruktur og utbygd areal best mogleg. Det er peika på at nedbygging av karbonrike areal som myr skal hindrast, og at moglegheitene til fortetting, gjenbruk og transformasjon av allereie utbygde areal må takast i bruk før jordbruksareal, viktige natur- og friluftslivareal og karbonrike areal som myr, skog og annan næringsrik jord blir omdisponerte. Størst utslepp er knytt til utbygging på myr og på skog med høg bonitet. Utsleppa er lågare ved utbygging på areal med skog av lågare bonitet, dyrka mark eller beite.

4.10.2 Konsekvensar av planframlegget

I konsekvensutgreiingane for enkeltareal er det karbonrike areal som vert handsama under klima og energi. Fleire innspel ligg i område med registrerte karbonrike areal, som myr, skogområde med høg bonitet, eller ulike former for dyrka mark.

Det er fleire andre deltema som er relevante for klima og energi, mellom anna nærmiljø og stadutvikling, og teknisk infrastruktur. Gjennom planvask er mykje utbyggingsareal endra til LNF, og konflikt med mellom anna karbonrike areal har vore eit viktig kriterium for å vurdere endring til LNF. Totalt sett er det ein vesentleg reduksjon i areal som overlappar med karbonrike areal i ny kommuneplan samanlikna med KPA 2013. Dette gjeld både for areal klassifisert som myr og for skogområde. For detaljar, sjå kapittel 4.2.

Det er i liten grad lagt inn nye større utbyggingsområde i planen. Fleire innspel på bustadområde er negativt tilrådd mellom anna på grunn av lite sentral plassering, lang avstand frå sentera i kommunen, og/eller manglande infrastruktur. Det er også i liten grad lagt inn utbyggingsføremål på større, urørte naturområde. Fleire av arealendringane i plankartet er frå eitt utbyggingsføremål til eit anna. Dei negative konsekvensane av dette er uendra, teoretisk sett, då områda allereie var sett av til utbygging i gjeldande kommuneplan.

I vedlegg Arealrekneskap er det gjort ei berekning av klimagassutslepp for ny arealbruk i kommuneplanen. Utrekninga er utforma ved bruk av Miljødirektoratet og Nibio sin klimagasskalkulator. I

grunnlaget for berekninga er alle føremål for utbygging (1000 sosi-kode) og samferdselsføremål (2000 sosi-kode). Alle andre arealføremål er ikkje del av utrekninga. Resultata er vist i tabellen under:

Arealbruk	Dekar	Tonn CO_2-ekv. 5 år	Tonn CO_2-ekv. 20 år	Tonn CO_2-ekv. 75 år
Anna utmark	114,2	-118	-471	-471
Bygd	10 091,7	-1711	-6 846	-1812
Beite - Ekstensivt	2 146,6	2 146,6	2 146,6	2 146,6
Beite - Intensivt	666,6	2 817	3 332	4 568
Dyrka mark	149,4	5 722	6 071	8 218
Myr – grøfta	1,6	420	427	453
Myr - ope	78,8	14 351	14 986	17 316
Skog	4 907	171 448	176 256	179 060
Vatn	40,1	41	164	164
SUM	**18 197,8**	**199 339**	**204 303**	**217 880**

4.10.3 Konklusjon klima og energi

Det er omdisponert vesentleg mindre myrareal, skogareal og dyrka mark til utbyggingsføremål i planframlegget samanlikna med kommuneplan 2013, grunna den omfattande planvasken som er gjennomført, der mykje ubygd karbonrikt areal er endra til LNF-føremål. Berekna klimagassutslepp er likevel betydeleg.

4.11 Næringsliv og sysselsetting

4.11.1 Bakgrunn

Samfunnsdelen peikar på at næringslivet i Bømlo har ein styrke i å ha fleire bein å stå på. Det står vidare at næringslivet er innovativt og leiande på fleire felt, og at det er viktig å sørgja for å ha gode nærmiljø som fremjar bulyst (kulturtilbod, tilgang på natur, helsefremjande nærmiljø), ha høg kvalitet på infrastruktur og ha oppdaterte planar. Det er også peika på at utfordringar som vil gjera seg gjeldande for næringslivet inkluderer tilgang på elektrisk kraft, berekraftig akvakultur, offentleg vedlikehald av infrastruktur som vegar og bruer, og tilgang til areal på land og sjø. Som arealoppfølging er det peika på at ein må ha næringsareal sett av i plan som ein kan utvikle ved konkrete utviklingsplanar, og arbeide for god infrastruktur til desse. Det står vidare at næringsareal på og sjåast på i regional samanheng.

Planprogrammet for arealdelen peikar på at handel og tenester bør i tråd med regional plan for attraktive senter i Hordaland først og fremst lokaliserast i eit senter. Plasskrevjande handel er unnatak. Behov for areal til handel i dei definerte sentera skal vurderast. Vidare, at kommunen skal leggja til rette for utviding av eksisterande næringsområde, og å ha næringsareal som ligg til sjø der det kan opparbeidast djupvasskaiar. Etablering av fiskerihamna i Hovlandshagen er eit stort tiltak som er svært viktig for utviklinga av Bømlo kommune som fiskerikommune. Det står også at kommunen skal prioritere tiltak som gjev grøn omstilling og utvikling i næringslivet. Og at det skal leggast til rette for utvikling av næringsverksemd i form av turisme og reiseliv.

4.11.2 Konsekvensar av planframlegget

Tilrettelegging for nye næringsareal eller utviding av eksisterande næringsareal medfører generelt ein positiv konsekvens for næringsliv og sysselsetting. Dette gir grunnlag for ei føreseieleg utvikling for både dagens og framtidige verksemder, tilsette og grunnlag for nærområdet (m.a. busetnad).

Det er gjennomført planvask også av næringsområda i kommuneplan 2013, til liks med dei andre utbyggingsføremåla, og nokre næringsområde er på bakgrunn av dette heilt eller delvis endra til LNF.

Av større utvidingar av næringsområde som er lagt inn i ny plan, er utviding av Eidesvik settefisk i Langevåg, utviding av Skålevik settefiskanlegg på Goddo, utviding av Bremnes Seashore sitt anlegg i Øklandsvågen, og utviding av Fylkesnes fisk sin base på Fylkesnes. Det er elles ikkje lagt inn heilt nye næringsområde, som ikkje ligg i tilknyting til allereie etablert næring. Utvidingane vil vera viktige for å oppretthalde næringsaktivitet og arbeidsplassar, og gi dei aktuelle verksemdene høve til utviding og utvikling. Dette sikrar også nærområdet med omsyn til grunnlag for busetnad, aktivitetar og tenester.

Når det gjeld fritid- og turistføremål er det også for desse føremåla gjennomført planvask, og fleire areal er tilbakeført til LNF, heilt eller delvis. Det er i tillegg lagt inn nokre nye område for fritid- og turistføremål. Dei nye områda ligg i hovudsak i område som allereie er relativt godt tilrettelagt med infrastruktur og vegsamband, og i område der det allereie i dag er satsingar innan turisme som t.d. Lykling og Kuleseidkanalen. Areala gir eit grunnlag for lokalt næringsliv og sysselsetting for dei aktuelle verksemdene og områda, men også ringverknadar for heile kommunen.

I tillegg til arealendringane på land er det gjort justeringar på fleire av akvakulturområda i sjø. Dette vil vera positivt for næringa, ved at dei får høve til å justere på anlegga for å sikre best mogleg plassering på lokalitetane. Sjå eige vedlegg Overordna konsekvensutgreiing og ROS-analyse for sjøareala.

4.11.3 Konklusjon næringsliv og sysselsetting

Det gjennomført planvask der fleire næringsføremål er endra til LNF, men det er i tillegg lagt inn utvidingar av fleire eksisterande næringsområde i ny kommuneplan. Endringane er lagt inn for å gi høve til utvidingar av eksisterande næringsområde ved sjø. I tillegg til hovudvekt på sjøtilknytte næringsareal er det lagt til rette for noko nytt areal for fritid og turisme. Desse er i hovudsak lagt i tilknyting til eksisterande tiltak i kommunen, som t.d. Lykling og Kuleseidkanalen.

Planomtalen peikar på område for vidare arbeid i komande rulleringar. Overordna strategisk nærings-analyse er ikkje gjennomført i denne rulleringa, men bør løftast fram i neste runde. Den vil såleis sjå kommunen sine behov for nye næringsareal i eit større kommunalt og regionalt perspektiv, med fokus på berekraft.

Dei endringane som ligg til planframlegget knytt til næringsliv representerer auka moglegheiter og større fleksibilitet for konkrete område og bransjar.

5 Risiko og sårbarheit

5.1 Heilskapleg risiko- og sårbaranalyse 2026 (HROS)

Bømlo kommune har gjennomført heilskapleg risiko- og sårbaranalyse (HROS, 2026). Analysen skal i utgangspunktet handla om dei alvorlege, ekstraordinære hendingane som kan ramma Bømlo-samfunnet. Hendingane er overordna for kommunen. Føremålet er å identifisera alvorlege og ekstraordinære uønskte hendingar som kan råka kommunen, og å vurdera sannsyn, konsekvensar og sårbarheiter slik at kommunen står betre rusta til å førebyggja og handtera beredskapshendingar og kriser.

Den heilskaplege risiko- og sårbaranalysen er ei systematisk samanstilling og lokale vurderingar av sårbarheiter, avhengigheiter og konsekvensar og korleis hendingane kan påverka kommunal teneste-produksjon. Deler av analysen er eit internt dokument og ikkje offentleg tilgjengeleg. Sjølv om Fylkes-ROS Vestland og dei nasjonale trussel- og risikovurderingane er offentlege, inneheld ein kommunal ROS-analyse meir detaljerte og operative vurderingar enn det som går fram av opne, nasjonale dokument.

Det er totalt vurdert 43 hendingar, fordelt i hovudgruppene «naturhendingar», «ulykker», «kritisk infra-struktur», «tilsikta hendingar», «helsehendingar» og «andre hendingar». Fleire av hendingane er vurdert med utgangspunkt i dei nasjonale risiko- og trusselvurderingane. Ved å sjå lokale risikoar i samanheng

med nasjonale trendar og trusselbilete, kan kommunen betre prioritera tiltak, styrka samarbeid og verna kritiske samfunnsfunksjonar.

Analysen viser at det er høgast risiko for svikt i kritisk infrastruktur som vil ha innverknad på heile Bømlo-samfunnet, legemiddelmangel, alvorleg brann, ymse ulukker og nokre tilsikta hendingar. Gjennom arbeidet med HROS er det blitt tydleg at eigenberedskap hos innbyggjarar og verksemder er ein viktig del av den samla beredskapen i kommunen, jf. nasjonale råd[1] frå «Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap» (DSB).

5.2 Viljestyrte hendingar

For arealendringane er det ikkje gjennomført ROS-vurderingar knytt til viljestyrte hendingar, då dette er vurdert til å ikkje vera relevant på dette nivået. I kunnskapsgrunnlaget til HROS-dokumentet til kommunen er viljestyrte hendingar omtala slik

Dei opne nasjonale vurderingane for 2026 teiknar eit samansett og krevjande tryggleiksbilete. Norge står i ein alvorleg tryggingspolitisk situasjon, prega av stormaktsrivalisering, krigen i Ukraina og aukande geopolitisk spenning. Russland vert peikt på som den største statlege trusselen, både militært og gjennom bruk av samansette verkemiddel[2] i fredstid. Samansette verkemiddel vert ofte nytta under terskelen for væpna konflikt, men kan likevel få store og langvarige samfunnskonsekvensar. Trussel-aktørar kan retta verkemidla sine mot styresmakter, kritisk infrastruktur, forsvar, teknologi og strategisk viktige næringar. Fleire av vurderingane peikar på at påverknadsoperasjonar og desinformasjon trugar tilliten i samfunnet, særleg i samband med politiske prosessar, demokratiske institusjonar og offentleg ordskifte. PST peikar særleg på at etterretningstrusselen i Norge er betydeleg, og vurderer terrortrusselen som meir uoversiktleg enn tidlegare.

Cybertrusselen er blant dei mest krevjande utfordringane i 2026. Både offentlege og private verksemder vert utsette for cyberoperasjonar. Operasjonell teknologi som styrer fysiske prosessar innan energi, industri og infrastruktur er særleg sårbar. Samstundes er cyberkriminalitet eit globalt og profesjonalisert økosystem, der kriminelle nyttar automatiserte verktøy, kunstig intelligens og digitale marknadsplassar.

Organiserte kriminelle nettverk vert stadig meir profesjonelle, fleksible og internasjonale. Dei utnyttar digitale plattformer, rekrutterer unge og sårbare personar og kan undergrava både tryggleik, rettsstat og tillit i samfunnet. Terror- og ekstremismetrusselen vert vurdert som uoversiktleg, med potensial for handlingar frå einslege aktørar eller små nettverk, ofte påverka gjennom digitale kanalar.

5.3 Vurdering av arealendringar

ROS-analysen og hendingane som er analysert er sjekka ut med utgangspunkt i kjente databasar, og med HROS som informasjonskjelde. Sjå oppdatert metodekapittel i dokumentet med konsekvensutgreiingar og ROS-analyse av arealendringar etter førstegongs høyring. Der er det også vist til kjelder og databasar som er nytta i arbeidet. For nokre areal og hendingar er det nødvendig å vurdera risiko nærmare i samband med utarbeiding av reguleringsplan, og avbøtande tiltak må då også vurderast. Dei neste kapitela gir ein oversikt over hendingane i ROS-analysen som er gjennomført for kvart enkelt arealinnspel, samt samla vurdering for kvart tema.

5.3.1 Naturfare

I regional plan for klima 2022-2035 (Vestland fylkeskommune) sitt kunnskapsgrunnlag finn ein mellom anna fakta kring tema *Trygt og robust Vestland*. Tradisjonelt har klimatilpassing i stor grad handla om

[1] DSB = «Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap» DSB sine råd for eigenberedskap. DSB; «råd om egenberedskap for virksomheter».

[2] Samansette verkemiddel omfattar mellom anna etterretning, cyberoperasjonar, påverknadsoperasjonar, sabotasje, økonomisk press og bruk av kriminelle nettverk som såkalla proxyar.

endringar i naturen og om lokale konsekvensar som følgje av naturhendingar. I tillegg til fysisk risiko, vil klimaendringane skape fleire indirekte verknader og samfunnsutfordringar i åra som kjem. Figurane under viser forventa endringar i Vestland i klima, hydrologiske forhold og naturfarar.



Bømlo sin heilskaplege ROS-analyse skildrar forholdet til naturhendingar slik:

> *«Naturhendingane» omfattar m.a. sterk vind, (ekstrem) nedbør, skred/ras og langvarig tørke.*
>
> *Klimaendringar aukar både risiko og sårbarheit. Dette er særleg knytt til sterk vind, ekstremnedbør, flaum, skred, stormflo, tørke og høge temperaturar, som kjem oftare og med større intensitet.*
>
> *Kritisk infrastruktur og samfunnsfunksjonar som straumforsyning, kommunikasjon, vegar og transport, vassforsyning, bygg og kystområde ville kunne bli påverka av naturhendingar.*
>
> *Som øykommune må me pårekna at kommunen blir heilt eller delvis isolert over kortare eller lengre tid. Isolasjon ved stengde vegar og samband gjer òg at m.a. helseberedskapen kan bli sårbar.*
>
> *Lågtliggjande område kan bli utsette for overvatn og stormflo, medan bratt terreng og område med kvikkleire aukar skredfaren.*
>
> *Tørke og varme påverkar drikkevatn, landbruk, teknologi og sårbare grupper si helse».*

Kommuneplanen sin arealdel endrar ikkje på sannsyn for hendingar knytt til naturfarar. I plankartet er aktsemdsområde for flaum og skred synt med faresoner. Føresegnene sikrar forholdet til stormflo og områdestabilitet (kvikkleire og marin grense).

Skred	Generelt	Bømlo kommune er ikkje særleg utsett for skred. Det er kartfesta aktsemdsoner for alle type skred i kommunen. Det er få faresonekartlade område. Det er registrert ein del steinskred, og i tillegg to isnedfall og to registrerte lausmasseskred i kommunen. Alle desse er lokalisert langs etablerte vegar. Det er ikkje registrert hendingar med snøskred, leirskred eller flaumskred i kommunen. Kjelde: NVE. I HROS 2026 har vurdert ras/skred som hending, men der det ikkje differensiert på type ras/skred.

	Snøskred	Ingen nye utbyggingsområde innanfor aktsemdsområde for snøskred. Aktsemdsone for snøskred (S3, kjelde NVE) er synt som faresone i plankartet med tilhøyrande føresegner som følgjer opp krav i TEK17.
	Steinsprang	Ingen nye utbyggingsområde innanfor aktsemdsområde for steinsprang. Aktsemdsone for steinsprang (utløysing- og utløpsområde, kjelde NVE) er synt som faresone i plankartet med tilhøyrande føresegner som følgjer opp krav i TEK17.
	Jord- og flaumskred	Ingen nye utbyggingsområde innanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred. Aktsemdsone for jord- og flaumskred (kjelde NVE) synt som faresone i plankartet med tilhøyrande føresegner som følgjer opp krav i TEK17.
	Områdestabilitet; Kvikkleire og marin grense	Store deler av kommunen ligg under marin grense, og dermed ligg mange etablerte og nye utbyggingsareal under marin grense. For desse områda er det ein risiko for tap av områdestabilitet. I ROS-analysane som vart gjennomført til førstegongs høyring av planframlegget er tilhøve til områdestabilitet avgrensa til å sjå på om areala ligg over eller under marin grense. I ROS-analysane etter førstegongs høyring er det sjekka om areala ligg innanfor nyare datasett; aktsemdsområde for kvikkleire. Føresegnene til revidert kommuneplanen set føringar for at ny utbygging innanfor marin grense vert sikra med omsyn til områdestabilitet, i hht NVE sin rettleiar 1/2019 Sikkerheit mot kvikkleireskred». Analysar i kommuneplanen har ikkje avdekka at det vil vera uakseptabelt å tilrå arealinnspela.
Flaum i elver/bekk og overvatn		I HROS 2026 har vurdert flaum som hending, men ikkje differensiert på kor flaumen skjer. Differensieringa på risiko for hending er gjort som del av arbeida med konsekvensutgreiing og planvask i kommuneplanen. Ingen av elvane i kommunen er kartlagt på faresonenivå. Dei større elvane/vassdraga er kartlagt som aktsemdsområde av NVE. Det er nokre få nye utbyggingsområde innanfor aktsemdsområde for flaum: - Vorland, Langevåg (fritid og turisme) - Eidsvik, Langevåg (utviding av næringsareal til etablert settefiskanlegg) - Åsvatnet, Svortland/Rubbestadneset (utviding av næringsareal) Aktsemdsområda for flaum er synt som omsynssone i plankartet med tilhøyrande føresegner. Det er i tillegg føresegner som viser til byggjegrense til vassdrag. Det er i kommuneplanen ikkje gått lengre enn å sjå på om areala ligg innan- eller utanfor aktsemdssona. Analysane har ikkje avdekka at det vil vera uakseptabelt å tilrå arealinnspela, men peika på at dette er forhold som må avklarast i reguleringsplan. Det er venta vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør både i intensitet og førekomst. Dette vil også føre til meir overvatn. Det er venta fleire og større regnflaumar. I føresegnene er det sett krav til at overvatn skal takast hand om lokalt, og fortrinnsvis gjennom naturbaserte løysingar. Retningslinjene seier at opne strekningar av elvar, bekkar, vatn og dammar skal oppretthaldast, og at miljøtilstand for vassførekomsten ikkje skal påverkast negativt. Desse forholda gjer at analysar i kommuneplanen har ikkje avdekka at det vil vera uakseptabelt å tilrå dei nye utbyggingsføremåla.
Stormflo /havnivåstigning		I HROS 2026 har vurdert forhold til stormflo/havnivåstigning. I HROS 2026 er planprosessar nemnd som avbøtande tiltak, å sikre at bygging er over gitt kotehøgde.

	Det er fleire etablerte og nye areal som ligg tett på sjøen, og som dermed har risiko for stormflo og havnivåstigning. I følgje sehavnivå.no har t.d. sikkerheitsklasse 2 (TEK17) med klimapåslag i Bømlo ei framskriving av havnivå på 190 cm over NN2000. Fleire av eksisterande bygg er definert som bygg som ligg i risikoområde for stormflo og havnivåstigning (2090). Føresegnene til kommuneplanen set føringar for at ny utbygging vert etablert på ei akseptabel høgd med omsyn til stormflo og havnivåstigning. Desse forholda gjer at analysar i kommuneplanen har ikkje avdekka at det vil vera uakseptabelt å tilrå arealinnspela.
Sterk vind	Bømlo kommune kan vera utsett for sterk vind, og skadepotensialet er stort. Risiko for skade på grunn av sterk vind er ikkje del av ROS-temaa for enkeltinnspel. Det er lagt til grunn at nye tiltak vert gjennomført i henhold til gjeldande regelverk, og at skadepotensialet på denne måten vert tilstrekkeleg redusert. Mykje urealisert utbyggingsføremål i strandsona er teke ut i planvask, dette kan medføre redusert risiko for skader som følgje av sterk vind og bølgjepåverknad i strandsona. Det er ikkje vurdert at risiko knytt til sterk vind er auka som følgje av arealendringane som er gjort i planframlegget.
Jordskjelv	Bømlo kommune kan vera utsett for jordskjelv, og skadepotensialet er stort. Risiko for skade på grunn av jordskjelv er ikkje del av ROS-temaa for enkeltinnspel. Det er lagt til grunn at nye tiltak vert gjennomført i henhold til gjeldande regelverk, og at skadepotensialet på denne måten vert tilstrekkeleg redusert. Det er ikkje vurdert at risiko knytt til jordskjelv er auka som følgje av arealendringane som er gjort i planframlegget.

5.3.2 Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur, verksemdbasert fare

I ROS-analysane for enkeltareal er konkrete hendingar og risiko for trafikktryggleik, støy, forureining, stråling frå høgspent, forhold til drikkevasskjelde, samt innsatstid og beredskap vurdert. Sjå tabell under for samla vurdering av planforslaget. Kommuneplanen sin arealdel endrar ikkje på sannsyn for hendingar knytt til kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur, samt verksemdbasert fare.

Brann	Generelt	Brannar gi store konsekvensar for liv, helse og infrastruktur. Brannrisikoen er knytt m.a. til tett busetnad, industri, utmark, skog, bygg med kommunal tenesteproduksjon, og kan skuldast alt frå tekniske feil, menneskeleg aktivitet, farlege stoff til klimaendringar. Faren for terrengbrannar og skogbrannar aukar som følgje av tørke og vind, og kan spreia seg raskt til busetnad. I tett busetnad er det fare for rask spreiing, både mellom hus, men også frå hus/bygg til skog eller terreng. I industri kan store energimengder og brannfarlege stoff gi alvorlege hendingar. Ved brannar kan det vera krevjande tilkomst for naudetatar, avgrensa mengd sløkkevatn eller komplekse bygg. I HROS-2026 er det omtala generelle avbøtande tiltak som er relevant i reguleringsplanfase og byggesak og skal følgjast opp i desse prosessane, samt tilrådingar til kommunal og privat beredskap.
	Skog- og terreng	Brann og redning kallar dette hhv. skogbrann (oppe i trær) og terrengbrann (på bakken). Ein terrengbrann kan endra seg til ein skogbrann, - eller motsett. Det er mange bustadfelt med tett busetting i Bømlo kommune. Nokre av desse ligg til skog og/eller annan

		vegetasjon der det er ein risiko for brann. Brann i busetnad kan spreia seg til skog- eller terrengbrann. Skog- eller terrengbrann kan spreia seg til busetnad / bygg. Bør vurderast at vegetasjon ikkje kjem for nærme busetnad, i samråd med lokalt brannvesen.
	Brann i bygg/ anlegg	Det er mange bustadfelt med tett busetnad i Bømlo kommune. Brannar der bygg ligg tett spreiar seg lett, gjeld også vanleg bustader. Nokre av bustadfelta ligg til skog og/eller annan vegetasjon som kan spreia seg til busetnad. Brann i tett busetnad kan spreia seg til terrenget. I anlegg med solcelle står inverter ute, utan brannvarsling.
Trafikk-tryggleik på land	Det er ingen riks- eller europavegar som går gjennom kommunen. Hovudstam-nettet i kommunen er fylkesvegane som går nord-sør og vest-aust, sjå bilde til høgre.  Hovudvegane på Bømlo er i ferd med å bli veldig bra, men det er framleis gjenståande parti nord-sør som er smalt og til del svingete. Mange av dei alvorlege trafikkulukkene skuldast møteulukker der eitt eller fleire køyretøy kjem over i motsett køyreretning, eller at vegen ikkje er brei nok til at køyretøy kan passera slik at det anten vert kollisjon eller utforkøyring. Det er relativt få registrerte hendingar i Statens vegvesen sin database. Dette er truleg ei underrapportering. Dette saman med at det generelt er risiko for trafikkulukker, gir at dei fleste av dei tilrådde areal-endringane er vurdert med middels risiko. Heilskapleg ROS-analyse for Bømlo peiker på at aktuelle avbøtande tiltak vil vera vedlikehald og utbetring av dårlege vegstrekk. Dei fleste tilrådde utbyggingsføremåla er konsentrert i område med etablert infrastruktur. Forhold til auka trafikk på vegnettet må omtalast og vurderast i den enkelte reguleringsplansaka, men analysar i kommuneplanen har ikkje avdekka at det vil vera uakseptabelt å tilrå arealendringa. Dei tilrådde utbyggingsføremåla er spreidd kring i kommunen, slik som dagens utbyggingsstruktur er. Samla vil arealendringar gi grunnlag for noko auka, men avgrensa, biltrafikk, og dermed potensielt auka risiko for trafikkulykker. Føresegnene set m.a. krav til at utbygging ikkje kan skje før infrastruktur er etablert. Vidare at naudsynte, trygge ferdselslinjer til aktuelle målpunkt for mjuke trafikantar skal sikrast, og at det skal vurderast mobilitetsplan ved planlegging. Desse føringane vil kunne fange opp og medverke til å sikre robust og trafikksikker infrastruktur gjennom reguleringsplanar. Dette vil ikkje i same grad verta fanga opp i samband med utbygging i LNF-spreidd områda. Det er sett eit maksimalt tal på einingar i LNF spreidd-områda, slik at risikobiletet vil vera avgrensa.
Transport-ulykke på sjø	For innspela knytt til føremål på sjø er det gjort ei vurdering av ulukke på sjø, knytt til plasseringa av føremålet i forhold til farlei og farleisareal. Det kan skje uhell mellom fritidsbåt og anlegget, samt uhell mellom brønnbåt og anlegget. Det er krav om

	merking av anlegget, samt at generelt fiske- og ferdselsforbod reduserer risikoen for ulykke. Båtførarar må vise aktsemd ved anlegget. Den viktigste føresegna i fartsforskriften er den generelle aktsomhets norma i § 2 (generell fartsbegrensning). Det er ikkje vurdert at arealendringane knytt til sjøområda vil medføre endringar i risiko knytt til ulukker på sjø i kommunen.
Støy	Statens vegvesen sine støyvarslingskart er nytta som grunnlag for kommuneplanen og vurdering av arealendringane. Tilgjengeleg varslingskart er utarbeida i 2017 og viser ein prognosesituasjon 15-20 år fram i tid. Kartet er ikkje oppdatert etter at ein del av hovudvegnettet på Bømlo er endra. Datasettet er likevel nytta då dette er det einaste datakjelda for støy, men det er valt å ikkje synleggjera dette i plankartet. Dei fleste tilrådde utbyggingsføremåla er konsentrert i område med etablert infrastruktur. Det er ingen av areala for støyfølsam bruk (bustad / offentleg og privat tenesteyting) som ligg tett på hovudvegstamnettet. Forhold til støy må likevel omtalast og vurderast i den enkelte reguleringsplansaka. Analysar i kommuneplanen har ikkje avdekka at det vil vera uakseptabelt å tilrå arealinnspela. Dei tilrådde utbyggingsføremåla er spreidd kring i kommunen. Likevel er omfanget av nye utbyggingsføremål avgrensa, og ein vurderer at det ikkje gir grunnlag for å avslå arealinnspel/-endringar. Samstundes er fleire utbyggingsføremål i KPA 2013 endra til LNF-føremål. Totalt sett vil såleis omfanget av utbyggingsføremål vera vesentleg redusert i planframlegget samanlikna med KPA 2013. Totalt sett vil planframlegget dermed ikkje gi grunnlag for auka biltrafikk, og dermed potensielt auka støy frå vegar. For næringsføremål er det gjort ei vurdering av potensial for støyande forhold for tilgrensande areal, som t.d. bustadføremål. Ingen av dei nye næringsområda som er lagt inn i planframlegget er vurdert til å medføre uakseptable støyforhold. Dette er mellom anna på grunn av at dei tilrådde næringsareala i stor grad ligg i tilknyting til eksisterande næringsområde, eller er område som allereie er i bruk til næring. Nye areal til råstoffutvinning og deponi er lokalisert ved etablert anlegg på Ersland. Areala ligg relativt isolert frå busetnad, ca. 330 m til nærmaste bustad frå deponiområdet. Støy er ikkje tema i HROS 2026. Føresegnene sikrar at støyretningslinje T-1442 er juridisk bindande og støy vert eit vurderingstema i reguleringsplansakar. Dei gir også føringar for lokalisering av uteopphaldsareal som leikeplassar, samt at det ved behov skal utarbeidast plan for handtering av støy i byggje- og anleggsfasen. I plankartet er støysone kring etablert skytebane synt.

Forureina grunn	Det er nokre få område der det enten er registrert eller mistanke om forureina grunn (Langevåg, Rubbestadneset, Foldøy/Innvær, Sakseid og Alvsvåg). Alle desse er knytt til etablerte eller tidlegare industriverksemder. I HROS 2026 er hending kalla: «(Akutt) ureining kjemikaliar (faste stoff, væsker, gass, olje)». Ein del av dei tilrådde areala har eit potensial for å medføre forureining og avrenning (areal til næring og deponi). Føresegnene set rammer for m.a. massehandsaming og krav til miljøkvalitet. Det er presisert at ved planlegging og søknad om tiltak i område med ureina grunn, eller der det er grunn til å tru at grunnen er ureina, skal det utarbeidast tiltaksplan for handsaming av ureina massar.	
Stråling frå høgspent	Kommunen er tilkopla regionalnettet frå Stord. Resterande linje i kommunen er del av distribusjonsnettet. Det er tre trans-formatorstasjonar i kommunen. Dei tilrådde arealinnspela er ikkje i konflikt med høgspentlinjene eller transformatorstasjonar. Nokre areal ligg inntil høgspentlinjene. I desse tilfella må reguleringsplan sikre områda mot stråling, ved at utbygginga tilpassar seg linja eller at linja må leggjast om/fjernast. Reguleringsplanar må sikre at dette forholdet vert løyst. Stråling frå høgspent er ikkje tema i HROS 2026. Føresegnene peikar på at langs høgspentlinjer skal det visast særleg aktsemd, og ved planlegging og tiltak nær høgspentlinjer skal linjeeigar kontaktast for uttale	
Drikkevatn	Det er regulert føremål og omsynssoner til drikkevasskjelder, reservevasskjelde, vasskjelde til settefiskanlegg med tilhøyrande nedslagsfelt i kommunen. Dei tilrådde utbyggingsføremåla er i hovudsak utanfor omsynssona. Vasskjeldene med nedslagsfelt er sikra med omsynssone og tilhøyrande føresegn. Det er ikkje tillate med tiltak eller bruk som kan medføre forureining innafor sona.	

	HROS 2026 inkluderer to hendingar knytt til drikkevatn; svikt i vassforsyninga og forureining i vassforsyninga. Som avbøtande tiltak er det nemnd vurdering av interkommunalt samarbeid om utstyr for naudvatn.	
Storulukke	HROS 2026 viser til at det pt. er ingen som fell innanfor denne kategorien, og difor er det ikkje vurdert hendingar knytt til dette. Ein har ikkje informasjon i dette planstadiet om ny arealbruk vil legge til rette for storulykke verksemder.	
Innsatstid og beredskap	Det er fire brannstasjonar på Bømlo; Svortland, Moster, Espevær og Langevåg. Nærmaste sjukehus er på Stord, Leirvik. Kommunen er del av Helse Fonna, Sør-Vest politidistrikt sitt dekningsområde. Dei fleste nye utbyggingsområda ligg i område med etablert infrastruktur. Det er god vegtilkomst til dei fleste områda. Sikker og dimensjonert tilkomst er sikra gjennom føresegner til utarbeiding av reguleringsplanar, og til byggesak. Ny kommuneplan regulerer ingen nye areal til sårbare objekt som skule, brannstasjon, sjukeheim, barnehage etc. Omfang av arealendringar er avgrensa og gir ikkje grunnlag for å auke eller endre kommunen sin beredskap. I HROS 2026 er utrykningstid for brann tema. Brann- og redningsvesenforskrifta §22 seier følgjande om utrykningstider: *Brann- og redningsvesenets utrykningstid skal ikke overstige 10 minutter ved brann i* *a. tettbebyggelse med særlig fare for rask og omfattende brannspredning* *b. sykehus, sykehjem og lignende institusjoner som krever assistert rømning* *c. områder med konsentrert og omfattende næringsdrift eller lignende.* *Utrykningstiden til objekter og områder nevnt i første ledd kan i særskilte tilfeller være lengre dersom det er gjennomført tiltak som kompenserer den økte risikoen i tråd med risiko- og sårbarhetsanalysen og beredskapsanalysen, jf. forskriften § 7 og § 9, men utrykningstiden skal aldri overstige 20 minutter.* *Utrykningstiden skal ikke overstige 20 minutter ved brann i tettsteder.* *Utrykningstiden bør ikke overstige 30 minutter ved brann utenfor tettsteder.* I Bømlo kommune er det i utgangspunktet ikkje nokon stader der utrykkingstida overstig 30 minutt. Men ved Moster og Langevåg stasjonar er det ingen vaktordning, og dersom ingen møter fram er det vaktlaget frå hovudbrannstasjonen som rykkjer ut – og då kan utrykkingstida potensielt overstiga 30 minutt.	
Svikt i forsyning	Elektrisk kraft	Straumbrot er ei høgrisikohending med store ringverknader for heile samfunnet. Årsaker kan vera naturhendingar, tekniske feil, overbelastning, produksjonsmangel og tilsikta handlingar. Kritiske tenester som digitale system, elektronisk kommunikasjon (m.a. mobiltelefonar), helse og transport, vatn, avløp, betaling, lading av køyretøy vert sett heilt eller delvis ut av funksjon. Vert det bortfall av straum om vinteren er dei som berre har elektrisk oppvarming svært sårbare. Det er tatt ut ein del utbyggingsområde i planframlegget som ligg i område utan etablert infrastruktur og langt frå etablerte sentrumsområde i kommunen. Dette gjer at ein i større grad unngår utbygging som medfører større infrastrukturtiltak knytt til både veg, VA og til dømes straumforsyning. Det er ikkje vurdert at ny arealbruk vil endre risikoen knytt til hendinga.

	EKOM	Digitale hendingar og bortfall av EKOM er blant dei mest kritiske risikoane for kommunen, då nesten alle tenester er avhengige av stabil digital infrastruktur. Risikoen kjem frå tekniske feil, naturhendingar, menneskeleg svikt, cyberangrep og leverandøravhengigheit. Særleg alvorleg er samansette hendingar der fleire system sviktar samtidig. Det er ikkje vurdert at ny arealbruk vil endre risikoen knytt til hendinga.
	Avløps-handtering	Avløpssystemet er kritisk infrastruktur og sårbart for t.d. tekniske feil, naturhendingar, straumbrot og vil kunne gi forureining, smittefare, miljøskadar, samt samfunnsmessige og økonomiske kostnader. Det er lagt inn nye areal som sikrar etablerte kommunale anlegg, samt for framtidige prosjekt (reinse-anlegg). Det er ikkje vurdert at ny arealbruk vil endre risikoen knytt til hendinga.

5.4 Avbøtande tiltak

I plankartet til høyring er følgjande omsynssoner som er relevant for risiko, sårbarheit og beredskap teke inn: Nedslagsfelt for drikkevatn (H110), støysone (H210-220), ras- og skredfare (H310) og flaumfare (H320), faresone militær verksemd (H380).

Føresegnene sikrar følgjande forhold som er knytt opp mot risiko og sårbarheit:

- Ved planlegging og søknad om tiltak skal ein sjå til at tilstrekkeleg tryggleik er oppnådd. Tilstrekkeleg tryggleik skal seinast avklarast på siste plannivå ved behov for fagkyndig vurdering. Identifiserte fareområder skal vurderast tatt ut, eller ha tilhøyrande føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik før utbygging, samt handtering og avbøtande tiltak.
- I områder under marin grense skal tilstrekkeleg stabilitet påvisast i samsvar med NVE sin rettleiar 1/2019 "Sikkerheit mot kvikkleireskred" for tiltak på land og i sjø.
- Langs sjø og vassdrag skal planlegging og utbygging utførast slik at tiltak ikkje kan ta skade av høg vasstand, storm, stormflo, bølgjepåverknad og flaum. Det skal leggjast til vind- og bølgjepåslag ut frå lokale tilhøve til den utrekna minstekota.
- Alle tiltak som er lokalisert lågare enn kote +3,0 skal vurderast særskilt med omsyn til risiko for havnivåstigning, stormflo og bølgepåverknad.
- Ved planlegging skal det gjerast greie for overordna ferdselsårer. Naudsynte, trygge ferdselslinjer til aktuelle målpunkt for mjuke trafikkantar skal sikrast.
- Det skal vera trafikksikker tilkomst frå bueiningar til tilhøyrande felles uteopphaldsareal. Trafikkerte vegar og bratte skråningar som kan utgjera fare for leikande barn skal sikrast med gjerde.
- Ved planlegging og søknad om tiltak i område med ureina grunn, eller der det er grunn til å tru at grunnen er ureina, skal det utarbeidast tiltaksplan for handsaming av ureina massar i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 2.
- Ved planlegging skal den til ei kvar tid gjeldande retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegging T-1442 leggjast til grunn. Ved planlegging skal det dokumenterast at støymessige tilhøve er ivaretatt i høve til grenseverdiar i T-1442, tabell 2.
- I støysone (raud støysone, H210 og gul støysone H220) skal alle tiltak planleggjast slik at støyforholda innan- og utandørs vert tilfredsstillande. Miljødepartementet sine retningslinje for støy areal planlegging T-1442 skal leggjast til grunn i planlegging og søknad om tiltak etter pbl. § 20-1.

- Det skal ikkje etablerast bustadar i raud støysone H210.
- Kommunen skal krevja nødvendig dokumentasjon på at krava til støytiltak er oppfylte.
- Sikringssona (drikkevasskjelder) omfattar drikkevasskjelder og vasskjelde for settefiskanlegg med nedslagsfelt, og skal sikre råvasskjelder i kommunen og for settefiskanlegg.
- Alle tiltak og bruk som kan medføre forureining av vasskjeldene er forbode innanfor sona.
- Ved planlegging og søknad om tiltak skal ein sjå til at tilstrekkeleg tryggleik er oppnådd (faresone steinsprang og snøskred). Kartlegging av skredfare i bratt terreng skal skje i samsvar med NVE sin "Veileder for utredning av sikkerhet mot skred i bratt terreng".
- Ved behov for fagkyndig avklaring for å påvise tilstrekkeleg tryggleik (steinsprang og snøskred) skal dette gjerast på siste plannivå.
- Ved planlegging og søknad om tiltak skal ein sjå til at tilstrekkeleg tryggleik er oppnådd (faresone flaum). Kartlegging av flaumfare skal skje i samsvar med NVE sin rettleiar 3/2022 "Sikkerhet mot flom".
- Ved behov for fagkyndig avklaring for å påvisa tilstrekkeleg tryggleik (faresone flaum) skal dette gjerast på siste plannivå.
- Langs høgspentlinjer skal det visast særleg aktsemd. Ved planlegging og tiltak nær høgspentlinjer skal linjeeigar kontaktast for uttale.